

# Møteinnkalling

---

**Utvalg:** Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen  
**Møtested:** Teams  
**Dato:** 14.03.2022  
**Tidspunkt:** 09:00 - 11:00

---

Eventuelt fråfall må meldast snarast til Kari Sveen eller Eldrid Nedrelo. Vararepresentantar møter etter nærare beskjed.

## Saksliste

Utvalgs- saksnr	Innhold	Lukket	Arkiv- saksnr
ST 9/2022	Godkjenning av protokoll/innkalling		
ST 10/2022	Referatsaker		
RS	Utladalen landskapsvernområde - Utsiktspunkt Vettisfossen - Svar på spørsmål knytt til drift og vedlikehold ved vurdering av spørsmål om eigarskap		2019/12439
RS	Jotunheimen nasjonalpark - Registrering av utplasserte av båtar - Rutinemessig oppfølging i tråd med retningslinjer		2021/10610
RS	Informasjon fra Norges nasjonalparkkommuner (NPKL)		2022/1447
ST 11/2022	Delegerte vedtak		
1/2022	Delegert vedtak - Jotunheimen NP - Dispensasjon - 2022-23 - Ultraløp - Jotunheimen Ultimate Challenge		2021/11673
2/2022	Delegert vedtak - Avslag på søknad om droneflyging i Jotunheimen Nasjonalpark - DNT Oslo og Omegn		2022/1344
3/2022	Delegert vedtak - Utladalen landskapsvernområde - Merking av sti - Vetti - Vettismorki - DNT Oslo og Omegn		2019/12439
4/2022	Delegert vedtak - Jotunheimen nasjonalpark - Dispensasjon - Motorferdsel - 2022-2025 - Bruk av snøskuter for utkjøring av saltstein - Besstrondfjellet Beitelag		2022/1428
5/2022	Delegert vedtak - Utladalen landskapsvernområde - Dispensasjon - Motorferdsel - 2022 - Transport med skuter for tilsyn med bygg etter uvær - Norsk Folkehjelp Årdal		2022/2377
6/2022	Delegert vedtak Jotunheimen NP - dispensasjon - motorferdsel - 2022-27 - snødekt mark - øvingsplan - Vågå Røde Kors Hjelpekorps		2022/2044
7/2022	Jotunheimen NP - Dispensasjon - 2022 - Bruk av drone for filming i Hurrungane - Field Productions AS		2022/2313
8/2022	Jotunheimen nasjonalpark - Dispensasjon - Motorferdsel - 2022 - Bruk av snøskuter for opprydding ved Bessvatnet - Pål Grev		2022/2173
ST 12/2022	Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen - Prioritering av tiltaksmidlar - 2022		2021/11581
ST 13/2022	Jotunheimen NP - Dispensasjon - Opprusting og utviding av Memurubu Kraftverk - Endringssøknad - Kjetil Sveine - Kleppconsult AS		2018/618

ST 14/2022	Jotunheimen NP - Dispensasjon - 2022 - Oppføring av nytt naust ved Bessvatnet i Vågå - 187/1 - Vågå Røde Kors Hjelpekorps	2022/1862
ST 15/2022	Utladalen LVO - Dispensasjon - 2022 - Oppføring av "Nye fjøsen" i tilknytning til ny turisthytte på Vettismorki - DNT Oslo og Omegn	2020/9121
ST 16/2022	Utladalen landskapsvernområde - Dispensasjon - Transport av ved med snøskuter og material med helikopter - Vidar Hjelle	2021/8601
ST 17/2022	Eventuelt	

**ST 9/2022 Godkjenning av protokoll/innkalling**

**ST 10/2022 Referatsaker**

**Utladalen landskapsvernområde - Utsiktspunkt Vettisfossen - Svar på spørsmål knytt til drift og vedlikehold ved vurdering av spørsmål om eigarskap 2019/12439**

**Jotunheimen nasjonalpark - Registrering av utplasserte av båtar - Rutinemessig oppfølging i tråd med retningslinjer 2021/10610**

**Informasjon fra Norges nasjonalparkkommuner (NPKL) 2022/1447**

**ST 11/2022 Delegerte vedtak**

**1/2022 Delegert vedtak - Jotunheimen NP - Dispensasjon - 2022-23 - Ultraløp - Jotunheimen Ultimate Challenge 2021/11673**

**2/2022 Delegert vedtak - Avslag på søknad om drondeflyging i Jotunheimen Nasjonalpark - DNT Oslo og Omegn 2022/1344**

**3/2022 Delegert vedtak - Utladalen landskapsvernområde - Merking av sti - Vetti - Vettismorki - DNT Oslo og Omegn 2019/12439**

**4/2022 Delegert vedtak - Jotunheimen nasjonalpark - Dispensasjon - Motorferdsel - 2022-2025 - Bruk av snøskuter for utkjøring av saltstein - Besstrondfjellet Beitelag 2022/1428**

**5/2022 Delegert vedtak - Utladalen landskapsvernområde - Dispensasjon - Motorferdsel - 2022 - Transport med skuter for tilsyn med bygg etter uvær - Norsk Folkehjelp Årdal 2022/2377**

**6/2022 Delegert vedtak Jotunheimen NP - dispensasjon - motorferdsel - 2022-27 - snødekt mark - øvingsplan - Vågå Røde Kors Hjelpekorps 2022/2044**

**7/2022 Jotunheimen NP - Dispensasjon - 2022 - Bruk av drone for filming i Hurrungane - Field Productions AS 2022/2313**

**8/2022 Jotunheimen nasjonalpark - Dispensasjon - Motorferdsel - 2022 - Bruk av snøskuter for opprydding ved Bessvatnet - Pål Grev 2022/2173**

# Saksframlegg

Arkivsaksnummer: 2021/11581-4

Saksbehandlar: Kari Sveen

Dato: 27.01.2022

Utval	Utvalssak	Møtedato
Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen	12/2022	14.03.2022

## Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen - Prioritering av tiltaksmidler - 2022

### Innstilling frå forvaltar

Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen registrerer at tildelt løyving til tiltak for tilrettelegging ligg på 91 % av innmeldt behov/søknad, medan tildeling av skjøtselsmidlar er fullt i samsvar med søknaden. Det kan verta behov for å søke om tilleggsmidler til tiltak dersom det blir opna for dette i løpet av året. Jotunheimen er eit svært trafikkert område med stort behov for tilrettelegging og stiskjøtsel for å førebyggje og reparere erosjonsskader.

1. Nasjonalparkstyret tek til orientering løyvingane til drift av styre og til arbeidet med forvaltningsplan/besøksstrategi og kartlegging i samband med skjøtselsplan Utladalen.

Drift av Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen	kr. 310 000
Arbeid med forvaltningsplan / besøksstrategi	kr. 150 000
Skjøtselsplan Utladalen, kartlegging lindebestand Hjelle	kr. 100.000
Sum løyving under post 14.20.21	kr. 560.000

2. Drift av sekretariatet inngår i budsjettramme for Statsforvaltarane i Innlandet og Vestland. Nasjonalparkstyret legg til grunn av løyvingane til sekretariat med ein forvaltar hos Statsforvaltaren i Innlandet og ein forvaltar hos Statsforvaltaren i Vestland blir tilpassa det behovet ein har for å kunne følgje opp arbeidet med kunnskapsbasert forvaltning av verneområda. Styret finn det uheldig dersom budsjettet ikkje gjev rom for å følgje opp med nødvendige synfaringar og deltaking på møte og samlingar som krev reiser. Budsjettet må ta høgde for at deltaking på landsdekkande fagsamlingar av og til vil krevje flyreiser og ekstra overnattingar – dette gjeld særleg for stillinga plassert på vestsida.
3. Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen prioriterer tiltaksmidlane for 2022 som er løyvd i bestillingsdialogen med økonomiansvar hos forvaltninga slik:

<b>A. Vedlikehald av stinettet i Jotunheimen og Utladalen.</b>	<b>100.000</b>
Vedlikehald og førebyggjande tiltak på utsette strekningar, samt ryddetiltak i området rundt Glittertinden	100.000

<b>B. Informasjon/tilrettelegging – jf. besøksstrategi / forvaltningsplan</b>	<b>2.600.000</b>
Utsiktsplattform Vettisfossen, byggeprosess	2.500.000
Fullføring rundt påbegynte tiltak på innfallsportane - Utladalen/Hjelle, terrengarbeid rundt nye tavler - Spiterstulen – trykk av tavle og arbeid med montering - Leirvassbu – trykk av tavle, montering og terrengarbeid - Utkikkspunkt Sognefjellet, reparasjon og revegetering	70.000
Utsiktspunkt Sognefjellet med namn på fjelltoppar	25.000
Brosjyre dyre- og planteliv - utsett	-
Vedlikehald etablerte tiltak	5.000

Forvaltarane har fullmakt til å gjera mindre interne omprioriteringar mellom tiltak dersom det blir meir eller mindre forbruk enn stipulert. Styret blir orientert i påfølgande møte.

#### 4. Prioritering av skjøtselsmidlar forvalta av SNO Jotunheimen:

Slått på Skåri, Avdalen og Vetti (heimre Utladalen)	270.000
Styrt beite på Skåri, Avdalen og Vetti (heimre Utladalen)	180.000
Styving/rising av alm og lind i heimre Utladalen	100.000
Krattrydding/vedlikehald kulturlandskap Øvre Utladalen	35.000
Styrt beiting (storfe) i Gjendebuområdet	80.000
Kratt og skogrydding / vedlikehald kulturlandskap Gjendebuområdet	25.000
Styrt beite ved Gjendebu (geit)	20.000
Slått av kve ved Gjendebu for ivaretaking av biologisk mangfald Blir gjennomført annakvart år – sist utført 2021	-
<b>Sum</b>	<b>710.000</b>

SNO og forvaltarane har fullmakt til å gjera mindre interne omprioriteringar ved behov.

#### 5. Plassering av dei tildelte ferdselsteljarane (eco-counter) blir prioritert slik:

- 1) Teljing ved Vetti mot Vettisfossen i Utladalen.
- 2) Galdhøpiggen, frå Juvflye
- 3) Knutshøe, for å få oppdaterte tal i eit område med ferdselsutfordringar
- 4) Vesleløyfte, Besseggenstien for kontinuerleg teljing til over coronaperioden
- 5) Skagastølsryggen

Teljar nr. 1 vil følgje utviklinga ved tilrettelegging av nytt utsiktspunkt på Vettisfossen. Vekslevis plassering annakvart år ved øvre og nedre stigen vil kunne skilje mellom kor mange som går inn under fossen og til toppen.

Teljing på Besseggen-stien kan vera ein føresetnad for å kunne få vurdert Besseggen som nasjonal turiststi, og teljar nr. 4 utplasserast på same plass som i 2017-21. Nyttig å få fram tal som viser situasjonen etter to år med coronatiltak, og om trafikken tek seg opp att til tidlegare nivå

--- slutt på innstilling ---

## Dokument i saka

- Sak 41/2021 i Nasjonalparkstyret, med tilhøyrande bakgrunnsdokument - Innmelding av behov for midlar til tiltak i verneområde og SNO-ressursar - 2022
- Tildeling av midlar til styret og planarbeid – Miljødirektoratet (ESS). Vedlegg 1.

- Søknad om tiltaksmidler 2022, Elektronisk søknadssenter (ESS) 10.01.2022. Vedlegg 2.
- Tildeling av tiltaksmidler 2022, Miljødirektoratet (ESS), behandling. Vedlegg 3.
- Klima- og miljødepartementet - *Handlingsplan for styrket forvaltning av verneområdene*
- Miljødirektoratet – *Strategi for bruk av tiltaksmidler 2020-2025*

## Saksopplysningar

Nasjonalparkstyret vurderte i sak 41/2021 kva tiltak ein skulle søke om. Det vart søkt om eit større beløp til Utsiktsplattform Vettisfossen, og litt til informasjon og titiltak. Med eit så stort beløp til første tiltaket, var øvrige tiltak sett på det nivået ein ser som minimumsbehovet.

Etablert skjøtsel av kulturlandskap blir vidareført under leing av SNO – Jotunheimen.

### Bestilling av tenester frå SNO:

- Oppsyn med fokus på utvalde arrangement
- Oppfølging av ferdselsteljarar i Utladalen og Jotunheimen.
- Nye skilt: Standard droneskilt på aktuelle innfartsårer
- Administrasjon av tiltak på stignettet. Kartlegge behov for utbetringar
- Oppfølging av prioriterte skjøtselstiltak i medhald av plan
- Kartlegging og overvaking av rovfuglar og villrein
- Oppsyn/kontroll av motorferdselløype.
- Informasjon og oppfølging av dronebruk

Søknad om midlar til styre og planarbeid er i hovudsak innvilga – jf. vedlegg 1.

Det vart søkt om totalt 3.670.000 kroner, fordelt på 2.960.000 til tiltak og 710.000 til skjøtsel, jf. vedlegg 2. Søknad om skjøtselstiltak er innvilga fullt ut med 7820.000 kr, medan tiltak for tilrettelegging i regi av forvaltninga er delvis innvilga med 2.700.000 kroner, jf. vedlegg 3. Ein må derfor ta ut eller redusere på nokre av tiltaka.

Vi vonar å kunne disponere 5 ferdselsteljarar også i 2022. SNO sørgjer for utplassering og innsamling, samt eventuelt behov for oppfølging i sesongen (batteri o.l.).

## Heimelsgrunnlag

### Delegering

Nasjonalparkstyret har delegert forvaltningsmyndigheit for Jotunheimen nasjonalpark og Utladalen landskapsvernområde i medhald av vedtekter, sist revidert frå 01.01.2020. Pkt. 8.2 i vedtektene legg opp til at «*Nasjonalparkstyret prioriterer bruken av de tildelte midlene. Alle tiltak skal være i tråd med godkjent forvaltnings-/tiltaksplan for verneområdene og andre relevante styringsdokumenter.*»

### Vurdering

#### Utsiktsplattform Vettisfossen og stigen Vetti-Vettismorki via utsiktspunktet

Dette tiltaket starta opp men muligheitsstudie i 2020 og prosjektering i 2021, og vil krevje ein stor del av samla tiltaksmidler for å kunne realiserast. Plattformen er i dårleg stand, og må enten fjernast heilt eller erstattast med ein ny og tryggare konstruksjon. Dette er eit større tiltak som er avhengig av samarbeid med fleire aktørar – jf. føringane i strategien frå Miljødirektoratet, som legg til grunn at «*større installasjoner som fugletårn mv.*» må ha «*en betydelig samfinansiering fra andre for å kunne prioritere tiltaket*». Vidare blir det understreka at eigarforhold og vedlikehaldsansvaret må vera avklara på førehand. Det er i sak 39/2020

gjort vedtak om ei prosjektgruppe under leing av Utladalen Naturhus for å følgje opp saka med finansiering og gjennomføring av prosjektet som eit spleiselag.

Det er utført eit grundig arbeid med prosjektering basert på kartlegging med laserskanning, samt geotekniske vurderingar basert på tidlegare rapport, detaljkartlegging og synfaring på staden. Arbeidet er utført av Dronninga Landskap AS, DIFK Kosche AS og ing. Tore Valstad. Jf. orientering frå Ragnhild Momrak i Dronninga landskap AS i styremøte november 2021 der ho presentere status for deira arbeid med Utsiktspunkt Vettisfossen. Viser også til dispensasjonssak behandla av styret i sak 39/2021.

Ei tilrettelegging med utsiktsplattform føreset også at ein får på plass tilfredsstillande sikring av stigen som i dag går heilt ut på kanten av juvet det siste stykket. Det vil vera nødvendig å flytte stigen vekk frå kanten for å oppnå tilfredsstillande tryggleik. Tiltaket blir må samordnast med stiltak på stigen opp på Vettismorki frå Vetti, der det i dag er korte strekningar med gammalt rekkverk i dårleg stand. Alt rekkverk bør få lik utforming, og Dronninga Landskap har utarbeidd ein formingsretteljar som harmonerer med materialval på utsikten. Avgrensa ressursar gjer at ein må fordele investeringane over tid, og ein tek sikte på bygging av plattformen i 2022, og fullføre stiltak og terrengarbeid i 2023.

Oppgradering av stigen frå Vetti – Utsiktspunktet – rundtur Vettismorki er planlagt som eit samarbeid med DNT Oslo og Omegn, som kan søkje om tippemidlar på tilrettelegginga. Dette stiprosjektet vil omfatte steinarbeid og utskifting av gammalt rekkverk langs stigen opp frå Vetti, forskriftsmessig rekkverk på brua over Morka-Koldedøla, og kavlelegging eller gangbaner på blaute parti på runden om utsiktspunktet og Vettismorki. Oppgradering av stien starta opp med noko murarbeid utført av sherpaer i 2021, og er planlagt gjennomført i 2022-2023, jf. Delegert vedtak - Utladalen landskapsvernområde - Merking av sti - Vetti - Vettismorki - DNT Oslo og Omegn.

#### Andre stigiltak

Tildelte tiltaksmidlar for 2022 må i hovudsak gå til det store prosjektet med utsiktsplattform, men erfaringane viser at det kvart år er behov for stigvedlikehald for å hindre vidare erosjon. Det er m.a. meldt inn behov for rydding og evt. stigvedlikehald i området rundt Glittertinden.

Det har nesten kvart år vore brukt tiltaksmidlar til rydding av stigane mot Vettisfossen. Særleg krevjande har det vore å rydde unna blokker og lausmasser som i samband med snøsmelting har glidd ned over stien til foten av fossen og Brendeteigen. Ryddinga har dels vore utført ved hjelp av sherpaer og dels i regi av Utladalen Naturhus. Det er vanskeleg å bruke tiltaksmidlar på denne strekninga som eit årleg vedlikehald, og det må stillast spørsmål ved om dette eigentleg høyrer inn under nasjonalparkstyret sitt ansvarsområde. På andre strekningar tek ein ansvar for større tiltak knytt til stiomlegging og muring/steinsetting eller kanalisering for å reparere og førebygge erosjonsskader, men ein går ikkje inn med årleg vedlikehald andre plassar. Dette har og samanheng med føringar frå Miljødirektoratet om av tiltaksmidlane ikkje er tenkt til drift. Etter samla vurdering kan ein ikkje tilrå å prioritere tiltaksmidlar til denne strekninga i 2022. Alle midlane til Utladalen i år må prioriterast slik at ein får realisert utsiktsplattformen.

Det blir foreslått 100.000 til heilt nødvendig rydding og vedlikehald i området rundt Glittertinden og eventuelle mindre punktvedlikehald der behovet er særleg stort.

#### Informasjon og tilrettelegging i tråd med besøksstrategien:

Fornying av informasjonstavler til nytt design ved alle sentrale innfallsportar blir prioritert, i tråd med besøksstrategien. Tabellen under viser status for dei ulike innfallsportane, med tiltak utført i tråd med merkevaren (grøn), under arbeid (lysegrøn) og tiltak planlagt (lyseblå). Utan farge er punkt for vidare vurdering:



<b>Utkikkspunkt</b>	
Pilot innfallsport Sognefjellshytta	Pilotsatsing, inkl. gangbru og opparbeidd sti, 2018. Reklamasjon på glastavler, vart erstatta med nye aluminiumstavler i 2021. Rekkverk under utskifting.
<b>Startpunkt</b>	
<b>Skiltstativ med nye stålskilt etter ny mal</b> Krossbu Turtagrø	Del av pilotprosjektet, Utført 2018. Reklamasjon på glastavler, erstatta med nye aluminiumstavler i 2021.
<b>Nye skilt på stativ samlokalisert med andre</b> Nye tavler ved Gjendeosen og Reinsvangen	Samarbeid med Nasjonale Turistveger, 2019
<b>Nye skilt på eksisterande stativ</b> Juvflya Gjendebu og Memurubu Koldedalen	Del av pilotprosjektet, utført 2018 Utskifting gamle skilt Gjendebu og Memurubu 2018 Utskifting av gammalt skilt i 2018
Eidsbugarden	Erstatta øydelagt skilt med eitt i nytt design 2020. Format tilpassa kommunal informasjon
Glitterheim ved bom i Veodalen	Erstatta portstolpar med markørar i nytt design 2020. Utskifting skilt, eksisterande stativ 2019-21
Utladalen / Hjelle Spiterstulen/Visdalen Leirvassbu	Forprosjekt om informasjon frå parkering og inn til Utladalen, utarbeidd 2019. Tiltak utført 2020-2021 <b>Ombruk av stativ/skifertavler. Trykk 2021,</b> forsinka levering, blir montert i 2022
<b>Nye tavler og andre tiltak med utforming etter merkevaren</b>	
Utsiktsplattform Vettisfossen	Forprosjekt 2020. Prosjektering 2021. Gjennomføring føreset finansiering av eit større beløp, evt. spleiselag. Prosjekt etablert for felles finansiering og utbygging 2021-2022 (2023)
Bygdin	Tavle ved brygga, gammal design, bør skiftast når endeleg plassering av brygge er avklara i reg.plan
Vargebakkane og Valdresflya?	Avhengig av ev. infopunkt i regi av Turistvegprosjektet
Eidsbugarden / Tyinkrysset (Fv. 53)	Samarbeid med Statens vegvesen?
Vegaskjelet kryss Fv 55 mot Leirvassbu	Samarbeid med Turistvegprosjekt ?
Infopunkt Beitostølen	Etablere kontakt og samarbeid med Langsua NP, med tanke på å få etablert nasjonalparkinformasjon på reiselivsdestinasjonen som kanalisere mange besøkande inn i verneområda. Samarbeidsmøte gjennomført i 2021. Tiltaket må følgjast opp vidare.

Snøskade på rekkverk ved utkikkspunkt Sognefjellet medfører at behov for endring i konstruksjonen. Det trengst også tiltak for å hindre trakk på flatene som blir tilrettelagt for revegetering. Tiltak blir utført i tråd med tilråding frå Dronninga Landskap, og i samarbeid med Sognefjellet Turisthytte. Kostnad restarbeid ca. 40.-50.000.

Det er avklara med Miljødirektoratet at eksisterande skiferplater ved Spiterstulen og Leirvassbu kan gjenbrukast som skiltstativ. Pleksiglastavler frå Arkeoplan vart ikkje levert før seint på hausten, og fjelloppsynet i Lom vil montere skilta saman med eigne skilt i 2022.

Infopunkt ved Tyinkrysset (mot Fv. 53) må vurderast i samarbeid med Statens Vegvesen. Utskifting av tavler ved brygga på austsida av Bygdin er sett på vent, inntil ein får sett framdrift på ei mogleg flytting av brygga.

Andre publikumsretta informasjonstiltak

Utvida informasjon retta mot dei reisande på turistvegstrekinga fv. 55 er ønskt frå reiselivet. Utsiktspunkt i tilknytning til gangvegrunden ved utkikkspunktet ved Sognefjellshytta er under arbeid. Sikteskive med namn på fjelltoppar er planlagt utplassert før sommarsesongen 2022. Frå utsiktstoppen ser ein mot Smørstabbtindane, Hurrungane og Fannaråken.

Ved Krossbu ligg det svært godt til rette for geologivandring inn mot nasjonalparkgrensa ved Bøverbreen, da det her er svært tydelege kvartærgeologiske formasjonar som eignar seg for formidling. Her er eit prosjekt på gang i regi av Norsk fjellsenter, som oppfølging av tidlegare avtale om informasjon langs Fv. 55 over Sognefjellet. Tiltaket er eit spleiselag mellom fleire aktørar, og er planlagt ferdigstilt i 2022.

#### Temabrosjyre dyre- og planteliv

Det er fleire som ønskjer informasjon om dyre- og planteliv. Midlar løyvd i 2021 disponert til brosjyre om plantelivet, som er under arbeid. Ein hadde tidlegare ein brosjyre om fuglelivet, og denne bør oppdaterast og tilpassast merkevareprofilen. Ikkje ressursar til dette i 2022.

#### Drift, m.m.

Drift av etablerte tiltak krev om lag 5.-10.000 årleg.

Oppsummering: Finansiering av utsiktsplattforma må ha første prioritet i 2022. Dersom ein ikkje får tilslag på søknader til eksterne aktørar, må ein og vurdere å søke om tilleggsmidlar.

#### Skjøtsel (skjøtselsbudsjett administrert av SNO):

Skjøtsel ved Gjendebu og i Utladalen vert planlagt vidareført. Skjøtsel ved Gjendebu skjer i tråd med tilrådingane i evalueringsrapport frå Miljøfaglig Utredning frå 2011. Det er her etablert eit godt samarbeid med Storådalen beitelag, Lom fjellstyre og verten på Gjendebu.

Skjøtselstiltaka i Utladalen har gått over fleire år og er omfattande. Skjøtselen i Øvre Utladalen vart i 2021 utvida til å omfatte kulturlandskapet rundt Skogadalsbøen, i tillegg til nødvendig vedlikehald av kulturlandskapet ved dei gamle sela i Guridalen.

Ein oppdatert skjøtelsplan vil danne grunnlaget for korleis ein bør prioritere områda med aktiv skjøtsel innan Utladalen LVO. Skjøtelsplanutkastet manglar formell godkjenning, og planarbeidet var planlagt utført i 2021. Det er ei forseinking på leveransen, men ein reknar med ferdigstilling første halvår 2022. Det er i tillegg søkt om og innvilga midlar til detaljert kartlegging av lindebestanden med styving/risingstre ovafor Hjelle.

Skjøtsel av kulturmark er svært ressurskrevjande, og krev innsats over tid. Ei utviding betyr derfor at ein bind opp ressursar for åra framover, da det har liten hensikt å berre utføre eingongstiltak. Ved prioritering av skjøtelsområde vil styret samstundes gje signal om at tiltaket bør ha høg prioritet også i åra framover. Prioritering mellom tiltaksområde bør vere fagleg forankra i skjøtelsplanen, og vurderast konkret sett i høve verneformålet. Ved behov for strengare prioriteringar må verneverdi/verneformål vektleggast. Tiltak i samarbeid med aktive drivarar i landbruket har stor verdi for lokal forankring og bidrag til verdiskaping.

Forslag til fordeling er i tråd med søknad.

#### Nettsider

Arbeidet med publikumsretta nettside vart fullført i 2020. Det er inngått avtale med eit firma om teknisk vedlikehald. Det kan i tillegg verta behov for litt tenestekjøp for enkelte redigeringsbehov, men det er ikkje større omfang enn at det kan dekkast innan drift/styre.

Nettstaden [www.nasjonalparkstyre.no](http://www.nasjonalparkstyre.no) vart lagt over på nye nettsider i 2021. Overføring av informasjon til ny nettstad og supplering med nytt stoff for Jotunheimen/Utladalen er utført av forvaltarane, utan konsulentbistand. <https://www.nasjonalparkstyre.no/Jotunheimen> .

### Ferdselsteljing

Ferdselsregistreringar blir vurdert som eit viktig verkemiddel for å kartleggje bruksmønster og hauste erfaringar, for å kunne vurdere tiltak for å skjerme sårbare område og styre ferdsel til mindre sårbare periodar. Vi vonar å kunne disponere 5 teljarar også 2022. Det er ønskeleg med kontinuitet på teljingane over Besseggen, på Knutshøe og i området mot Vettisfossen. Ein legg opp til teljing over minst to år på andre prioriterte punkt, for å unngå tilfeldige utslag.

Det er interessant med teljing ved Vetti gard i Utladalen for å skaffe betre oversikt i eit svært trafikkert utfartsområde. Ein vil veksle mellom teljing på stigen opp på Morki og mot foten av Vettisfossen for å danne seg eit betre bilete av ferdselsmønsteret frå der vegen sluttar. Teljingane her må også sjåast i samanheng med ny utsiktsplattform og evt. re-etablering av DNT-sjølveteningshytte på Vettismorki. Registreringane bør gå over tid for å sjå om dette medfører auke i den totale ferdsla og om det vil endre ferdselsmønsteret mot Vettismorki/topp og fot av fossen.

Vest-Jotunheimen villreinutval arbeider med revisjon av bestandsplan for villreinområdet, og spurde hausten 2019 om det fanst tal frå brukarundersøkingar som kan vise ferdsel i områda rundt Fanaråken-Skogadalsbøen-Vetti, men også Skogadalsbøen-Leirvassbu-Eidsbugarden. Det vart utført teljing ved Ekrehytta i 2007-08, før stien deler seg mot Utladalen og Fannaråken, og teljar var sett opp på same plass i 2020 (8 677 passeringar) og 2021.

Der ein har hatt ferdselsregistreringar har vi registrert ein vesentleg auke i Jotunheimen det siste tiåret, og det er viktig for forvaltninga å få nye tal for dei mest sentrale innfallsportane.

Det har vore teljar på stigen frå Spiterstulen mot Galdhøpiggen i 2018 og i 2021. For å få samla trafikktalet for Galdhøpiggen blir det foreslått teljing på ruta frå Juvvasshytta i 2022.

Teljing ved Knutshøe vart teke opp att 2019, som følgje av massiv marknadsføring i media både i 2017 og 2018. Med vidareføring i 2020 og 2021 har ein registrert at ferdsla over Knutshøe har auka begge desse åra, sjølv om ferdsla generelt gjekk ned som følgje av coronarestriksjonar. Kunnskapen ein har fått gjennom teljingane på Knutshøe i 2015-16 og 2019-21 viser at det er behov for å arbeide for å styre ferdselen meir mot seinsommaren og hausten, når fuglelivet er mindre sårbart overfor forstyringar. Det er i dag stor utfart over Knutshøe i juni, som er ein sårbar periode – jf. Rapport med sårbarheitsvurdering for fugl i Aust-Jotunheimen frå 2015, som viser nedgang i hekkesuksess etter kvart som trafikken har auka. Det er også interesse frå forskingsmiljø for å følgje utviklinga på Knutshøe, og da vil teljing etter sesongar med massiv marknadsføring gje svært verdfull bakgrunnsinformasjon. I 2021 vart det også gjennomført kartlegging av vegetasjon og fugleliv i området, og rapporten viser at området er utsett for stor slitasje.

Det blir foreslått teljing også i 2022, for å ha ferske tal på eit område med stor merksemd frå media, forskarar og studentmiljø. Ein masterstudent ved NMBU har oppgåve om området under arbeid, og ein jusstudent har starta arbeidet med å sjå på verkemidlar for styring av ferdsel.

Besseggen har vore sett i samanheng med *Nasjonal Turiststi Besseggen* og dei pågåande arbeida ved Gjende knytt til *Nasjonale Turistveger*, og det har vore årleg teljing i 2017-2021 for å følgje utviklinga som skjer i takt med ulike andre tiltak i området. Teljinga har gjeve verdfull informasjon for oppfølging av området, og er eit pålagt tiltak dersom det skal søkjast om autorisasjon som Nasjonal Turiststi. Variasjonane frå år til år på teljaren ved Vesleløyfte følgjer same svingingar som trafikktalet for Gjendebåten. Dersom fortsatt teljing er ein føresetnad for å vidareføre arbeidet med Nasjonal turiststi Besseggen er kontinuitet viktig.

## **Generell oppsummering – Informasjon og tilrettelegging i tråd med besøksstrategien**

Oppfølging av besøksstrategien som vart vedteken i 2012 har vore prioritert, og innføring av nytt design i tråd med merkevaren «*Norges Nasjonalparker*» blir gjennomført trinn for trinn.

Det er svært mange som gjestar Jotunheimen, og ein må derfor leggje stor vekt på tiltak som kan bidra til verdiskaping utan forringing av verneverdiane, og til å gje besøkande gode naturopplevingar. Infrastrukturtiltak som kan gje grunnlag for berekraftig næringsutvikling i kommunane rundt nasjonalparken bør ha høg prioritet. Pilotsatsinga for implementering av den nye merkevaren er avslutta, og den samla tilrettelegginga langs Fv. 55 gjev eit synleg og godt døme på den nye merkevaren, med utkikkspunkt Sognefjellet med gangbrua over Fantesteinvatnet og dei mindre startpunktta Turtagrø og Krossbu. Mange besøkande frå inn- og utland er interesserte i å koma til synfaring her og til besøksenteret Norsk fjellsenter.

Brucarundersøkinga som vart utført i 2019 har bidrege til å avdekke kva tiltak som er særleg etterspurt av brukarane, jf. rapport frå undersøkinga. Besøksstrategien er under revisjon, men både arbeidet med forvaltningsplan og besøksforvaltning vart dessverre forseinka. Arbeidet er nå i gang att, med tanke på fullføring innan utgangen av 2023.

I områda med størst besøkstrykk trengst årlege ressursar for reparasjonar og restaurering av stinettet. Dette gjeld særleg i områda Besseggen/Gjende, Galdhøpiggen og Vettisfossen, men også på utsette strekningar langs Fv. 55, der mange stoppar og tek ein avstikker eller lengre tur inn mot nasjonalparken. Det same gjeld frå Fv. 51 over Valdresflye. Elles vil ein kvart år registrere punkt som krev oppfølging, avhengig av slitasje og erosjon etter smeltevatn. Sentrale punkt får utplassert ferdselsteljarar for å kunne følgje utviklinga over tid.

## **Annan informasjon – samarbeid med andre**

Reiselivslaga etterspør ofte informasjon, og plakatar om verneområda kan bidra i marknadsføringa og verdiskaping. Fokus på bestemte område kan også ha kanaliseringseffekt framfor område som blir mindre profilert.

Ein følgjer opp spørsmål om nasjonalparkinformasjon ved nytt informasjonspunkt på Beitostølen i samarbeid med Langsua nasjonalpark og Øystre Slidre kommune .

Det er ønskeleg å ha temabrosjyrer til dei som ønskjer meir utfyllande informasjon om naturkvalitetane i området. Ein ambulerande natursti til bruk ved arrangement og overfor skuleklasser har vore på tiltakslista over tid, og vil bli arbeidd vidare med når ein får betre kapasitet. I tillegg til tradisjonell informasjon med plakatar og brosjyre, er det lagt til rette med digital presentasjon av opplevingar i verneområda gjennom dei nye besøksretta nettsidene, på norsk, engelsk og tysk.

Informasjonssenter er eit tredje element i informasjonen. Samarbeid med Norsk Fjellsenter om ymse informasjonstiltak som geologisti og liknande kan prioriterast høgare når revisjon av forvaltningsplanen er fullført. I samarbeid med Utladalen Naturhus planlegg ein å legge til rette med ny natursti frå Hjelle til Vetti, i Utladalsgjeli.

## **Kunnskapsgrunnlag og ivaretaking av verneverdiar**

Det er og behov for auka kunnskap om verneområda, da eldre verneområde som Jotunheimen og Utladalen manglar omfattande kartleggingane av biologisk mangfald og brukarinteresser, som er standard i nye verneplanprosessar. Sårbarheitsvurdering og kartlegging av rovfugl som dekkjer heile verneområdet er teke inn som eit ledd i forvaltningsplanarbeidet.

Ein har også fått utført betre samanstilling av kunnskapsgrunnlaget for villrein, og eit grunnlagsarbeid knytt til endra reglar for sykling og organisert riding. Med desse utgreiingane vil ein ha eit betre kunnskapsbakgrunn for revisjon av forvaltningsplanen, men det er fleire fagområde som bør få betre registreringar etter kvart som ein har kapasitet og ressursar.

Det er t.d. ønskeleg å arbeide meir med kulturminneregistreringar i samarbeid med dei respektive fylkeskommunane, både for å ta vare på kulturminna og for å kunne formidle historia til besøkande. Også kartlegging med verdivurdering av geologiske førekomstar kan vera interessant.

## Behovsinnmelding statsforvalteren - 2022

Navn	Status	Innvilget beløp	Kommentar
Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen	Innvilget	310 000	
Skjøtselsplan Utladalen - kartlegging lindebestand	Innvilget	100 000	
Forvaltningsplan og besøksstrategi for Jotunheimen	Innvilget	150 000	
		560 000	

## MIDLER TIL TILTAK I VERNEOMRÅDER (KAP 1420 POST 31) - 2022

Organisasjonsnummer: 974761645

Foretaksnavn STATSFORVALTEREN I INNLANDET

Adresse: Gudbrandsdalsvegen 186, 2619 LILLEHAMMER

E-postadresse: fmopksv@statsforvalteren.no

### Kontaktperson

Navn: Kari Møyfrid Sveen

Telefonnummer: 94880564

E-postadresse: fmopksv@statsforvalteren.no

### Utfyller

Navn: Kari Møyfrid Sveen

Mottaker: Miljødirektoratet

SØKNAD

REFERANSEN R.: 22SC8217

## Tiltak

Søkes det på vegne av statsforvalter eller verneområdeforvalter? Verneområdeforvalter

Oversikt over alle tiltak						
Pri.	Navn på tiltaket	Tiltakskategori	Tiltakstype	Verneområde	Øk. ansvarlig	Beløp
1	Utsiktsplattform Vettisfossen, opprydding/sikring	Tilrettelegging og informasjon	Oppføring av publikumsanlegg (utkvikks-/fugletårn)	Utladalen landskapsvernområde (VV00000706)	Forvaltningsm.	2 500 000
2	Sti Vetti - Vettismorki	Tilrettelegging og informasjon	Opparbeide sti/kanalisering	Utladalen landskapsvernområde (VV00000706)	Forvaltningsm.	100 000
3	Vedlikehold og førebyggende tiltak på stinett	Tilrettelegging og informasjon	Opparbeide sti/kanalisering	Jotunheimen nasjonalpark (VV00001869)	Forvaltningsm.	200 000
4	Utsjekk og supplering av tiltak ved innfallsportar	Tilrettelegging og informasjon	Oppføring av skilt og/eller infotavle	Jotunheimen nasjonalpark (VV00001869)	Forvaltningsm.	100 000
5	Temabrosjyrer dyre- og fugleliv	Tilrettelegging og informasjon	Annet (utdypes i beskrivelsesfeltet)	Jotunheimen nasjonalpark (VV00001869)	Forvaltningsm.	50 000
6	Slått på Skåri, Avdalen og Vetti (heimre Utladalen)	Slått	Engslått	Utladalen landskapsvernområde (VV00000706)	Lokalt SNO	270 000
7	Styrt beite Skåri, Avdalen, Vetti i Utladalen	Beiting og lyngbrenning	Beiting- og/eller gjerding for bufe	Utladalen landskapsvernområde (VV00000706)	Lokalt SNO	180 000

8	Styving/risning av alm og lind	Skjøtsel av (tre)vegetasjon	Styving av enkelttrær	Utladalen landskapsvernområde (VV00000706)	Lokalt SNO	100 000
9	Krattrydding/vedlikehald Øvre Utladalen	Skjøtsel av (tre)vegetasjon	Rydding av trær/busker/kratt	Utladalen landskapsvernområde (VV00000706)	Lokalt SNO	35 000
10	Styrt beite ved Gjendebru (storfe)	Beiting og lyngbrenning	Beiting- og/eller gjerding for bufe	Jotunheimen nasjonalpark (VV00001869)	Lokalt SNO	80 000
11	Kratt og skogrydding/vedlikehald Gjendebruområdet	Skjøtsel av (tre)vegetasjon	Rydding av trær/busker/kratt	Jotunheimen nasjonalpark (VV00001869)	Lokalt SNO	25 000
12	Styrt beite ved Gjendebru (geit)	Beiting og lyngbrenning	Beiting- og/eller gjerding for bufe	Jotunheimen nasjonalpark (VV00001869)	Lokalt SNO	20 000
13	Vedlikehald og drift av eksisterande tiltak	Annet	Annet (utdypes i beskrivelsesfeltet)	Jotunheimen nasjonalpark (VV00001869)	Forvaltningsm.	10 000
14	Ferdselsteljarar	Kartlegging	Annen kartlegging	Jotunheimen nasjonalpark (VV00001869)	Lokalt SNO	5
						<b>3 670 005</b>

## Utsiktsplattform Vettisfossen, opprydding/sikring

**Prioritet:** 1

**Tiltakskategori:** Tilrettelegging og informasjon

**Tiltakstype:** Oppføring av publikumsanlegg (utkvikks-/fugletårn)

**Fylke:** Vestland

**Kommune:** Årdal

**Verneområde:** Utladalen landskapsvernområde (VV00000706)

**Navn på tiltaket:** Utsiktsplattform Vettisfossen, opprydding/sikring

**Beskrivelse av tiltaket:**

Utsiktsplattform Vettisfossen, tilrettelegging og sikring (medfinansiering).

Arbeidet starta med mulighetsstudie i 2020

I 2021 vart det sett av vel ein million kroner til detaljkartlegging, geologivurdering og prosjektering.

For å kunne setja i verk tiltaket må ein ha fullfinansiering som sikrar gjennomføring i ein operasjon, der arbeidet blir lagt til tid på året der ein tek omsyn til sårbare verneverdiar og andre brukarar av området. Det blir derfor søkt om eit forholdsvis stort beløp i 2022, da innretningane som står i området i dag er i så dårleg forfatning at dei av omsyn til tryggleiken for dei som ferdast i området må skiftast ut så snart som mogleg.

Sjå vedlegget, som gjer nærare greie for tiltak, kostnadsoverslag/finansiering og framdrift.

**Økonomisk ansvarlig:** Forvaltningsmyndighet

**Andre tilskuddsordninger:**

**Beløp det søkes om:** Kr 2 500 000

**Videreføring av pågående prosjekt?** Ja

**Har tiltaket forankring i skjøtelles- eller forvaltningsplan?** Ja



Er tiltaket flerårig? Ja

Har dere en besøksstrategi for verneområdet (i produksjon eller ferdig)? Ja

## Sti Vetti - Vettismorki

**Prioritet:** 2

**Tiltakskategori:** Tilrettelegging og informasjon

**Tiltakstype:** Opparbeide sti/kanalisering

**Fylke:** Vestland

**Kommune:** Årdal

**Verneområde:** Utladalen landskapsvernområde (VV00000706)

**Navn på tiltaket:** Sti Vetti - Vettismorki

**Beskrivelse av tiltaket:**

Stien ute på kanten mot juvet fram mot utsiktsplattforma må flyttast vekk frå den usikre kanten som ligg på eit overheng. Kanalisering til ny stitrase ved hjelp av kavlegging på blaute parti og ekstra skilting. Sti opp frå Vetti må forsterkast og sikrast.

Det er på dette stiarbeidet etablert eit nært samarbeid med DNT Oslo og Omegn, som vil kunne bidra med søknad om tippemidlar og dugnadsarbeid.

**Økonomisk ansvarlig:** Forvaltningsmyndighet

**Andre tilskuddsordninger:**

**Beløp det søkes om:** Kr 100 000

**Videreføring av pågående prosjekt?** Ja

**Har tiltaket forankring i skjøttelses- eller forvaltningsplan?** Ja

**Er tiltaket flerårig?** Ja

**Har dere en besøksstrategi for verneområdet (i produksjon eller ferdig)?** Ja

## Vedlikehald og førebyggjande tiltak på stinett

**Prioritet:** 3

**Tiltakskategori:** Tilrettelegging og informasjon

**Tiltakstype:** Opparbeide sti/kanalisering

**Fylke:** Innlandet

**Kommune:** Lom

**Verneområde:** Jotunheimen nasjonalpark (VV00001869)

**Navn på tiltaket:** Vedlikehald og førebyggjande tiltak på stinett

**Beskrivelse av tiltaket:**

Det er på grunn av stor ferdsel stadig behov for tiltak på stinettet i Jotunheimen. Det kom i 2021 inn melding om behov for rydding ved Glittertinden etter at det har smelta fram skrot/gjenstandar av eldre dato. I tillegg er det aktuelt å vurdere tiltak på stien opp frå Glitterheim, og det er naturleg å sjå på desse sakene samla

- Vedlikehald og førebyggjande tiltak på plassar med registrert slitasje og erosjon
- Stivurdering og ryddetiltak ved Glittertinden

**Økonomisk ansvarlig:** Forvaltningsmyndighet

**Andre tilskuddsordninger:**

**Beløp det søkes om:** Kr 200 000

**Videreføring av pågående prosjekt?** Ja

**Har tiltaket forankring i skjøttelses- eller forvaltningsplan?** Ja

**Er tiltaket flerårig?** Ja

**Har dere en besøksstrategi for verneområdet (i produksjon eller ferdig)?** Ja

## Utsjekk og supplering av tiltak ved innfallsportar

**Prioritet:** 4

**Tiltakskategori:** Tilrettelegging og informasjon

**Tiltakstype:** Oppføring av skilt og/eller infotavle

**Fylke:** Innlandet

**Kommune:** Lom

**Verneområde:** Jotunheimen nasjonalpark (VV00001869)

**Navn på tiltaket:** Utsjekk og supplering av tiltak ved innfallsportar

**Beskrivelse av tiltaket:**

- Utsjekk og supplering av igangsette tiltak ved innfallsportane (mindre terrengarbeid rundt nye informasjonstavler, montering sikteskive, m.m.).

•

**Økonomisk ansvarlig:** Forvaltningsmyndighet

**Andre tilskuddsordninger:**

**Beløp det søkes om:** Kr 100 000

**Videreføring av pågående prosjekt?** Ja

**Har tiltaket forankring i skjøttelses- eller forvaltningsplan?** Ja

**Er tiltaket flerårig?** Nei

**Har dere en besøksstrategi for verneområdet (i produksjon eller ferdig)?** Ja

## Temabrosjyrer dyre- og fugleliv

**Prioritet:** 5

**Tiltakskategori:** Tilrettelegging og informasjon

**Tiltakstype:** Annet (utdypes i beskrivelsesfeltet)

**Fylke:** Innlandet

**Kommune:** Lom

**Verneområde:** Jotunheimen nasjonalpark (VV00001869)

**Navn på tiltaket:** Temabrosjyrer dyre- og fugleliv

**Beskrivelse av tiltaket:**

Temabrosjyre planteliv er under arbeid, og ein vil lage tilsvarande for dyre-og fuglelivet. Det er etterspurnad frå reiselivet og publikum når det gjeld slik informasjon om verneområda.

**Økonomisk ansvarlig:** Forvaltningsmyndighet

**Andre tilskuddsordninger:**

**Beløp det søkes om:** Kr 50 000

**Videreføring av pågående prosjekt?** Ja

**Har tiltaket forankring i skjøttelses- eller forvaltningsplan?** Ja

**Er tiltaket flerårig?** Ja

**Har dere en besøksstrategi for verneområdet (i produksjon eller ferdig)?** Ja

## Slått på Skåri, Avdalen og Vetti (heimre Utladalen)

**Prioritet:** 6

**Tiltakskategori:** Slått

**Tiltakstype:** Engslått

**Fylke:** Vestland

**Kommune:** Årdal

**Verneområde:** Utladalen landskapsvernområde (VV00000706)

**Navn på tiltaket:** Slått på Skåri, Avdalen og Vetti (heimre Utladalen)

**Beskrivelse av tiltaket:**

- Slått på Skåri, Avdalen og Vetti (heimre Utladalen)

Vidareføring av etablert skjøtsel

**Økonomisk ansvarlig:** Lokalt SNO

**Navn på SNO-ansatt:** Rigmor Solem

**Andre tilskuddsordninger:**

**Beløp det søkes om:** Kr 270 000

Videreføring av pågående prosjekt? Ja  
Har tiltaket forankring i skjøtelses- eller forvaltningsplan? Ja  
Er tiltaket flerårig? Ja  
Har dere en besøksstrategi for verneområdet (i produksjon eller ferdig)?

## Styrt beite Skåri, Avdalen, Vetti i Utladalen

**Prioritet:** 7

**Tiltakskategori:** Beiting og lyngbrenning

**Tiltakstype:** Beiting- og/eller gjerding for bufe

**Fylke:** Vestland

**Kommune:** Årdal

**Verneområde:** Utladalen landskapsvernområde (VV00000706)

**Navn på tiltaket:** Styrt beite Skåri, Avdalen, Vetti i Utladalen

**Beskrivelse av tiltaket:**

- Styrt beite på Skåri, Avdalen og Vetti (heimre Utladalen)

Videreføring av etablert skjøtsel. Gjeld tilrettelegging for beitebruk; tilsyn, transport og gjerdeknader

**Økonomisk ansvarlig:** Lokalt SNO

**Navn på SNO-ansatt:** Rigmor Solem

**Andre tilskuddsordninger:**

**Beløp det søkes om:** Kr 180 000

Videreføring av pågående prosjekt? Ja

Har tiltaket forankring i skjøtelses- eller forvaltningsplan? Ja

Er tiltaket flerårig? Ja

Har dere en besøksstrategi for verneområdet (i produksjon eller ferdig)?

## Styving/risning av alm og lind

**Prioritet:** 8

**Tiltakskategori:** Skjøtsel av (tre)vegetasjon

**Tiltakstype:** Styving av enkelttrær

**Fylke:** Vestland

**Kommune:** Årdal

**Verneområde:** Utladalen landskapsvernområde (VV00000706)

**Navn på tiltaket:** Styving/risning av alm og lind

**Beskrivelse av tiltaket:**

- Styving/risning av alm og lind. Vedlikehold av styvingstre i heimre Utladalen og supplering med nye tre. Tiltaket blir utført av SNO saman med kvalifisert trepleiar. Styvingstrea gjev rom for mange insekt og lav- og moseartar.

**Økonomisk ansvarlig:** Lokalt SNO

**Navn på SNO-ansatt:** Rigmor Solem

**Andre tilskuddsordninger:**

**Beløp det søkes om:** Kr 100 000

Videreføring av pågående prosjekt? Ja

Har tiltaket forankring i skjøtelses- eller forvaltningsplan? Ja

Er tiltaket flerårig? Ja

Har dere en besøksstrategi for verneområdet (i produksjon eller ferdig)?

## Krattrydding/vedlikehold Øvre Utladalen

**Prioritet:** 9

**Tiltakskategori:** Skjøtsel av (tre)vegetasjon

**Tiltakstype:** Rydding av trær/busker/kratt

**Fylke:** Vestland

**Kommune:** Luster

**Verneområde:** Utladalen landskapsvernområde (VV00000706)

**Navn på tiltaket:** Krattrydding/vedlikehald Øvre Utladalen

**Beskrivelse av tiltaket:**

- Krattrydding/vedlikehald Øvre Utladalen

Krattrydding og slått for å vedlikehalde kulturlandskap i Guridalen og ved Skogadalsbøen.

Vidareføring av etablert skjøtsel.

**Økonomisk ansvarlig:** Lokalt SNO

**Navn på SNO-ansatt:** Rigmor Solem

**Andre tilskuddsordninger:**

**Beløp det søkes om:** Kr 35 000

**Videreføring av pågående prosjekt?** Ja

**Har tiltaket forankring i skjøttelses- eller forvaltningsplan?** Ja

**Er tiltaket flerårig?** Ja

**Har dere en besøksstrategi for verneområdet (i produksjon eller ferdig)?**

## Styrt beite ved Gjendebru (storfe)

**Prioritet:** 10

**Tiltakskategori:** Beiting og lyngbrenning

**Tiltakstype:** Beiting- og/eller gjerding for bufe

**Fylke:** Innlandet

**Kommune:** Lom

**Verneområde:** Jotunheimen nasjonalpark (VV00001869)

**Navn på tiltaket:** Styrt beite ved Gjendebru (storfe)

**Beskrivelse av tiltaket:**

- Styrt beite ved Gjendebru (storfe)

Samarbeid med Storådalen beitelag og Lom fjellstyre. Støtte til transport og tilrettelegging for å sikre fortsatt beitebruk for å halde kulturlandskap og slåttekve i hevd. Vidareføring av etablert skjøtsel.

**Økonomisk ansvarlig:** Lokalt SNO

**Navn på SNO-ansatt:** Rigmor Solem

**Andre tilskuddsordninger:**

**Beløp det søkes om:** Kr 80 000

**Videreføring av pågående prosjekt?** Ja

**Har tiltaket forankring i skjøttelses- eller forvaltningsplan?** Ja

**Er tiltaket flerårig?** Ja

**Har dere en besøksstrategi for verneområdet (i produksjon eller ferdig)?**

## Kratt og skogrydding/vedlikehald Gjendebruområdet

**Prioritet:** 11

**Tiltakskategori:** Skjøtsel av (tre)vegetasjon

**Tiltakstype:** Rydding av trær/busker/kratt

**Fylke:** Innlandet

**Kommune:** Lom

**Verneområde:** Jotunheimen nasjonalpark (VV00001869)

**Navn på tiltaket:** Kratt og skogrydding/vedlikehald Gjendebruområdet

**Beskrivelse av tiltaket:**

- Kratt og skogrydding/vedlikehald Gjendebruområdet

Samarbeid med Lom fjellstyre. Rydde kratt og bjørkeskog for å oppretthalde kulturlandskapet. Vidareføring av etablert skjøtsel.

**Økonomisk ansvarlig:** Lokalt SNO

**Navn på SNO-ansatt:** Rigmor Solem

**Andre tilskuddsordninger:**

**Beløp det søkes om:** Kr 25 000

Videreføring av pågående prosjekt? Ja  
Har tiltaket forankring i skjøttelses- eller forvaltningsplan? Ja  
Er tiltaket flerårig? Ja  
Har dere en besøksstrategi for verneområdet (i produksjon eller ferdig)?

## Styrt beite ved Gjendebru (geit)

**Prioritet:** 12

**Tiltakskategori:** Beiting og lyngbrenning

**Tiltakstype:** Beiting- og/eller gjerding for bufe

**Fylke:** Innlandet

**Kommune:** Lom

**Verneområde:** Jotunheimen nasjonalpark (VV00001869)

**Navn på tiltaket:** Styrt beite ved Gjendebru (geit)

**Beskrivelse av tiltaket:**

- Styrt beite ved Gjendebru (geit)

Styrt beiting med geit hindrar oppslag av kratt der der blir rydda. Kostnad i hovudsak knytt til transport og gjerdehald. Samarbeid med turistverten på Gjendebru. Videreføring av etablert skjøttel.

**Økonomisk ansvarlig:** Lokalt SNO

**Navn på SNO-ansatt:** Rigmor Solem

**Andre tilskuddsordninger:**

**Beløp det søkes om:** Kr 20 000

Videreføring av pågående prosjekt? Ja

Har tiltaket forankring i skjøttelses- eller forvaltningsplan? Ja

Er tiltaket flerårig? Ja

Har dere en besøksstrategi for verneområdet (i produksjon eller ferdig)?

## Vedlikehald og drift av eksisterande tiltak

**Prioritet:** 13

**Tiltakskategori:** Annet

**Tiltakstype:** Annet (utdypes i beskrivelsesfeltet)

**Fylke:** Innlandet

**Kommune:** Lom

**Verneområde:** Jotunheimen nasjonalpark (VV00001869)

**Navn på tiltaket:** Vedlikehald og drift av eksisterande tiltak

**Beskrivelse av tiltaket:**

- Vedlikehald og drift av eksisterande tiltak

Det er m.a. oppført eit toalett ved innfallsporten mot Glitterheim, der tømning er ein årleg kostnad.

Vidare oppstår det jamleg behov for utskifting og supplering av skilt som vert øydelagte eller prega av slitasje

**Økonomisk ansvarlig:** Forvaltningsmyndighet

**Andre tilskuddsordninger:**

**Beløp det søkes om:** Kr 10 000

Videreføring av pågående prosjekt? Ja

Har tiltaket forankring i skjøttelses- eller forvaltningsplan? Ja

Er tiltaket flerårig? Ja

Har dere en besøksstrategi for verneområdet (i produksjon eller ferdig)?

## Ferdselsteljarar

**Prioritet:** 14

**Tiltakskategori:** Kartlegging

**Tiltakstype:** Annen kartlegging

**Fylke:** Innlandet

**Kommune:** Vågå

**Verneområde:** Jotunheimen nasjonalpark (VV00001869)

**Navn på tiltaket:** Ferdselsteljarar

**Beskrivelse av tiltaket:**

Vi har dei seinare åra hatt 4-5 ferdselsteljarar av typen trakkmatte i Jotunheimen. Vi har svært stor trafikk fleire plassar i Jotunheimen, og teljarane gjev oss svært verdfull informasjon til bruk i forvaltninga.

Ferdselsregistreringar blir vurdert som eit viktig verkemiddel for å kartleggje bruksmønster og hauste erfaringar, for å kunne vurdere tiltak for å skjerme sårbare område og styre ferdsel til mindre sårbare periodar.

I 2021 var det utplassert teljarar ved Besseggen/Veslløyfte, Knutshøe, Visdalen mot Galdhøpiggen, Helgedalen mot Fannaråken og stien opp frå Vetti til Vettismorki. Dei to første blir foreslått vidareført.

Teljar mot Fannaråken blir forslått flytta til Skagastølsdalen.

Teljar mot Galdhøpiggen blir foreslått flytta til Juvflye, for å få ein oversikt på ferdsel over Styggebreen utanom det som skjer i regi av lokale fjellføringsfirma som Juvvasshytta m.fl.

Teljar ved Vetti kan flyttast til å måle trafikken mot nedre stien til foten av fossen, for å sjå utviklinga i samband med etablering av nytt utsiktspunkt ved toppen av fossen, og også for å kunne vurdere styring av ferdsla slik at fleire går mot toppen i staden for inn under fossen

Både 2020 og 2021 har hatt endra ferdselsmønster som følgje av coronasituasjonen. Analyse av resultatane må derfor sjåast mot generelle endringar i reiselivet i desse åra. Det var i 2020 og 2021 ein generell nedgang i trafikken som følgje av reiserestriksjonar knytt til coronasituasjonen, men teljar ved Knutshøe har i motsetnad til dei andre områda hatt auke både frå 2019 til 2020 og frå 2020 til 2021.

Kunnskapen ein har fått gjennom teljingane på Knutshø viser behov for å arbeide for å prøve å styre ferdselen meir mot seinsommaren og hausten, når fuglelivet er mindre sårbart overfor forstyrringar. Ferdsla over Knutshøe har om lag dobla seg frå 6.554 passeringar i i perioden juni-oktober 2016 til 13.277 passeringar 2021, og ein bør halde fram med registreringane på dette sårbare området.

Det er behov for nye batteri til dei eksisterande teljarane.

**Økonomisk ansvarlig:** Lokalt SNO

**Navn på SNO-ansatt:** Rigmor Solem

**Andre tilskuddsordningar:**

**Beløp det søkes om:** Kr 5


**Videreføring av pågående prosjekt?** Ja

**Har tiltaket forankring i skjøtelses- eller forvaltningsplan?** Ja


**Er tiltaket flerårig?** Ja

**Har dere en besøksstrategi for verneområdet (i produksjon eller ferdig)?**

## Vedlegg

 Utsiktsplattform Vettisfossen, opprydding og sikring\_Vedlegg søknad tiltaksmidlar Jotunheimen\_2022.pdf (Prosjektbeskrivelse)

 Sti Vetti - Vettismorki\_Vedlegg til søknad tiltaksmidlar Jotunheimen\_2022.pdf (Prosjektbeskrivelse)

 Vedlikehald - rydding og førebyggjande tiltak på stinett.pdf (Bilde)

 Kari Møyfrid Sveen for STATSFORVALTEREN I INNLANDET

Levert 10.01.2022



Midler til tiltak i verneområder (kap 1420 post 31) - 2022

Pri.	Navn	Status	Innvilget beløp	Øk. ansvarlig	Kommentar
1	Utsiktsplattform Vettisfossen, opprydding/sikring			Forvaltningsmyndighet	
2	Sti Vetti - Vettismorki			Forvaltningsmyndighet	
3	Vedlikehold og førebyggende tiltak på stinett			Forvaltningsmyndighet	
4	Utsjekk og supplering av tiltak ved innfallsportar			Forvaltningsmyndighet	
5	Temabrosjyrer dyre- og fugleliv			Forvaltningsmyndighet	
6	Slått på Skåri, Avdalen og Vetti (heimre Utladalen)	OK	270 000	Lokalt SNO	
7	Styrt beite Skåri, Avdalen, Vetti i Utladalen	OK	180 000	Lokalt SNO	
8	Styving/rising av alm og lind	OK	100 000	Lokalt SNO	
9	Krattrydding/vedlikehold Øvre Utladalen	OK	35 000	Lokalt SNO	
10	Styrt beite ved Gjendebu (storfe)	OK	80 000	Lokalt SNO	
11	Kratt og skogrydding/vedlikehold	OK	25 000	Lokalt SNO	
Antall: 15			3 410 000		



Midler til tiltak i verneområder (kap 1420 post 31) - 2022

Pri.	Navn	Status	Innvilget beløp	Øk. ansvarlig	Kommentar
	Gjendebuområdet				
12	Styrt beite ved Gjendebu (geit)	OK	20 000	Lokalt SNO	
13	Vedlikehold og drift av eksisterende tiltak			Forvaltningsmyndighet	
14	Ferdselsteljarar			Lokalt SNO	
15	Samlet pott	OK	2 700 000	Forvaltningsmyndighet	
Antall: 15			3 410 000		

Arkivsaksnummer: 2018/618-18

Saksbehandlar: Kari Sveen

Dato: 17.01.2022

Utval	Utvalssak	Møtedato
Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen	13/2022	14.03.2022

## Jotunheimen NP - Dispensasjon - Opprusting og utviding av Memurubu Kraftverk - Endringssøknad - Kjetil Sveine - Kleppconsult AS

### Innstilling frå forvaltar

Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen viser til sak 5/2021 i nasjonalparkstyret og til NVE si godkjenning av detaljplan for Memurubu minikraftverk datert 05.01.2021. Desse vilkåra dannar basis for godkjenning av detaljplanen, og vil gjelde saman med vilkåra for godkjenning av endringssøknaden.

Med heimel i naturmangfaldlova § 48, jf. § 4 i verneforskrift for Jotunheimen nasjonalpark, blir det gjeve dispensasjon for følgjande tiltak/endingar i høve til opphavleg detaljplan – jf. også fagleg vurdering frå NVE:

#### 1. Anleggsveg fram til inntak

Det blir gjeve dispensasjon for etablering av ca. 100 m ny anleggsveg opp til nytt inntak. Startpunkt er ved enden av anleggsveg opp til eksisterende inntak. Vilkår:

- Vegen går langs austsida av Hestbekken, i underkant av moreneraset.
- I anleggsperioden vil vegen ha breidde på inntil 3-4 m. Ved avslutning av anleggsarbeidet skal vegtraseen tilbakeførast for best mogleg landskapstilpassing.
- Traseen kan oppretthaldast som gangsti med breidde ca. 2 m. Det skal ikkje nyttast motoriserte køyretøy ovafor eksisterande inntaksplass i samband med ordinær drift og tilsyn.
- Ved særlege behov for maskinelt utstyr for vedlikehald etter at anlegget har kome i drift, kan det etter søknad opnast for bruk av ATV langs traseen. Ved å avgrense køyringa på den nye traseen til særlege behov knytt til massetransport / isproblem i vassdraget, og unngå køyring på reine tilsynsturar, kan traseen gro til med naturleg gras- og urtevegetasjon i botnsjiktet. Dette vil redusere innverknaden på landskapet. Det vil vera rom for å rydde traseen for oppslag av kratt og bjørk.
- For å dempe erosjonsfaren både ved eksisterande anleggsveg og ved ein framtidig gangvegtrase bør naturstein frå traseen brukast for å stabilisere skråningsfoten. Dette skal gjerast slik at stabiliseringa ikkje framstår som ein opparbeidd mur, men ei meir naturleg plassering av større stein som kan bidra til stabiliseringa.
- Den midlertidige anleggsvegen skal utformast med tverrfall som får vatnet til å renne av vegen, og ikkje følgje vegbanen. Grøfter/stikkrenner der det er behov, vil også bidra til å redusere erosjonen og behovet for framtidig vedlikehald.
- Med heimel i naturmangfaldlova § 11 om at «*Tiltakshaveren skal dekke kostnadene ved å hindre eller begrense skade på naturmangfoldet som tiltaket volder*» kan det vera aktuelt å pålegge oppfølging med avbøtande tiltak.

- Dersom det ikkje let seg gjera å gjennomføre tiltaket utan å ha ein permanent køyreveg opp til nytt inntak, er føresetnadene som er lagt til grunn i den opphavlege konsesjonssøknaden brotne. Der var det presentert ei løysing med minimale terrenginngrep ovafor eksisterande inntak, og dette gjorde at ein etter samla vurdering gjekk inn for å gje konsesjon og dispensasjon frå verneforskrifta etter § 48. Ein permanent anleggsveg for drift vil gå ut over verneverdiane, særleg landskapet, og vil såleis ikkje fylle vilkåra for dispensasjon med heimel i nml § 48. Dersom tilkomstveg opp til inntaket er så avgjerande som dei faglege vurderingane frå NVE kan tyde på, må det heller planleggast med inntak ved eksisterande inntaksplass, der det allereie går ein anleggsveg/driftsveg. Dette sjølv om dei naturgjevne forholda i bekken her ikkje er optimale, men ein kan med dette unngå å utvide sonen for større og permanente terrenginngrep.
- Det er ein føresetnad at tiltakshavar har alle nødvendige godkjenningar frå Statskog som heimelshavar/ grunneigar i statsallmenningen, før anleggsstart.

## 2. Endra inntaksløysing

Nasjonalparkstyret sluttar seg til fagvurderinga frå NVE, og godkjenner inntaksløysinga med forbitappingsluke i dammen. Dette vil stoppe dei grovaste massefraksjonane. Ved behov for reinsing av tilførte masser ved inntaksdammen kan anleggsvegen nyttast – jf. pkt. 1 over. Tiltakshavar må, før bygging av inntaket, leggje fram ein plan for deponering av eventuelle tilførte masser. Dette for å sikre at inntaket og terrenget rundt blir utforma på ein praktisk måte og med minst mogleg landskapsinngrep.

## 3. Inntakshus

Nasjonalparkstyret godkjenner oppføring av eit inntakshus på ca 1,5 x1,5 m for å lette drifta av kraftverket og for kontroll av slepp av minstevassføring. Bygget kan oppførast i tre med røsta tak med takvinkel inntil 30 grader, og påførast mørk naturfarge (gråbrun/ brun). Taket skal ha matt og mørk overflate for å vera minst mogleg synleg i landskapet.

## Inngrepsgrenser

Godkjent anleggsbreidde for røyrgate er inntil 8 m. For anleggsveg er det ikkje oppgjeve inngrepsbreidde. I tråd med tilråding frå NVE blir det fastsatt inngrepsgrenser ved fysisk avmerking i terrenget før oppstart av anleggsarbeida. Her bør tiltakshavar, konsulent, entreprenør(ar), nasjonalparkstyre/nasjonalparkforvaltar, kommune, grunneigar og NVE delta. Inngrepsgrensene skal setjast slik at det er rom for bygging, men som samtidig avgrensar arealinngrepa mest mogleg og tek hensyn til sårbare/verdifulle areal.

## Sluttbefaring

I avslutningsfasen av anleggsarbeidet skal det gjennomførast sluttbefaring for gjennomgang av utførte tiltak og vurdering av behov for utbetringar og istandsetting av anleggsområdet, i tråd med vilkår i dispensasjonen og NVE si godkjenning av detaljplanen. Her bør det vera same deltakarar som ved oppstartbefaring (tiltakshavar, konsulent, entreprenør(ar), nasjonalparkstyre/nasjonalparkforvaltar, kommune, grunneigar og NVE.

## Motorferdsel

Tiltakshavar må i god tid før anleggsstart leggje fram ein samla plan for nødvendig motorferdsel knytt til transport og anleggsarbeid under utbygginga, og søkje om nødvendige dispensasjonar i høve til verneforskrift verneforskrifta § 3 pkt. 6.1 og motorferdsellova med forskrifter. Transportplanen skal gjera greie for følgjande:

- Transport av materialar og utstyr på vinterføre
- Transport av materialar og utstyr ved hjelp av flåte eller båt på Gjende
- Bruk av helikopter til transport og hjelpemiddel under anleggsarbeidet
- Maskinar og transportmiddel til bruk i anleggsarbeidet.

Ein føreset at ein samla plan for motorferdsel blir lagt fram for behandling i nasjonalparkstyret og berørte kommunar, i god tid før anleggsstart.

--- slutt på innstilling ---

## Dokument i saka

- Endringsøknad datert 25.10.2021.
- Høyringsbrev av 12.01.22 frå NVE - *Begrenset høring av endringer i godkjent detaljplan for miljø og landskap -Memurubu minikraftverk i Lom kommune*
- Referat av 26.08.2021 frå NVE etter felles synfaring Memurubu 16.08.2021
- Brev av 21.02.22 frå NVE - *Memurubu kraftverk, Lom kommune – Faglig vurdering av omsøkte endringer i godkjent detaljplan innen miljø og landskap*

Tidlegare dokument:

1. Søknad om konsesjon for oppgradering av Memurubu kraftverk med vedlegg:
  - a. Vedlegg 1. Hydrologirapport. Skjema hydrologiske forhold Memurubu
  - b. Vedlegg 2. PRODUKSJONSBEREGNING - Memurubu 50% (Heimdalsvatnet)
  - c. Vedlegg 3. Memurubu småkraftverk – Biologisk mangfald – rapport 19. januar 2018
  - d. Tillegg: Alternativ røytrase - Memurubu Kraftverk
2. Høyringsbrev og orientering om prosess vedrørende søknad - Jotunheimen nasjonalpark
3. Referat synfaring Memurubu kraftverk 25.09.18
4. Innkomne uttaler / innspel frå høyringspartar
5. Energianalyse for Memurubu Turisthytte utarbeidd av seniorrådgj. Nils Ola Strand, 2016
6. Sak 36/2018 i Nasjonalparkstyret med tilhøyrande bakgrunnsdokument - Overordna vurdering av konsesjonssøknad etter verneforskrifta
7. Søknad av 13.12.18 frå Kleppconsult - *Søknad om sikkerhetsklassifisering av dam og trykkrør ved Memurubu minikraftverk Lom Kommune Oppland Fylke*
8. Rapport 19.12.18 frå Kleppconsult AS - *Svar fra tiltakshaver på innkomne høyringsuttalelser vedrørende konsesjonssøknad for Memurubu Minikraftverk*
9. Brev av 18.01.2019 frå NVE - Vedtak om klassifisering av dam og vassveg Memurubu minikraftverk
10. Sak 16/2019 i Nasjonalparkstyret med tilhøyrande bakgrunnsdokument - *Konsesjon - Opprusting og utviding av Memurubu Kraftverk*
11. Konsesjon datert 29.04.2019.  
<http://www.nasjonalparkstyre.no/EPiServer/CMS/edit/default.aspx?id=1582>
12. Kopi av søknad til NVE oversendt 10.03.20 frå Kleppconsult - Detaljplan for oppgradering Memurubu Minikraftverk i Gjende - Jotunheimen Nasjonalpark - Lom Kommune
13. Notat av 02.04.2020 frå nasjonalparkforvatninga for Jotunheimen ved Kari Sveen – Merknader til enkelte punkt i detaljplanen
14. Notat frå Kleppconsult etter feltbefaring 12.08.20
15. Sak i 35/2020 i Nasjonalparkstyret - orientering om status på detaljplanlegging av minikraftverk i Memurubu - tilbakemelding på forslag til justering av røyrgatetrase. Detaljplan for Memurubu kraftverk utarbeidd av Kleppconsult v/ Johannes Flaata.  
<http://www.nasjonalparkstyre.no/EPiServer/CMS/edit/default.aspx?id=1582>
16. Vedtak datert 05.01.2021 - Godkjenning av detaljplan for landskap og miljø - Memurubu kraftverk. NVEs referanse: 201842008-13.
17. Godkjenning av opphavleg detaljplan i Nasjonalparkstyret – sak 5/2021 - *Tilslutnad til NVEs godkjenning av detaljplan for landskap og miljø - Memurubu Kraftverk*

## Saksopplysningar

Ved Memurubu har det frå 1972 vore minikraftverk som dekkjer ein stor del av energibehovet ved turishytta. Anlegget var etablert på vernetidspunktet (1980), og verneforskrifta heimlar at anlegget skal bestå og driftast. Anlegget er nær 50 år, og oppgradering er nødvendig.

Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen gjorde i møte 12.11.18 eit overordna vedtak om dispensasjon etter verneforskrifta, som opna for å gå vidare med planane om oppgradering og utviding av Memurubu Kraftverk, sak 36/2018.


Innan verneområde er det forvaltningsmyndigheita som er konsesjonsmyndigheit. Med heimel i vassressurslova § 33 gav Nasjonalparkstyret i sak 16/2019 konsesjon for Memurubu Kraftverk, med vilkår. Denne danna saman med vedtak i sak 36/2018 i Nasjonalparkstyret og NVE sitt vedtak av 18.01.2019 om konsekvensklassifisering grunnlaget for vidare detaljplanlegging av tiltaket. Det blir vist til tidlegare saker om detaljar.

Detaljplan for miljø og landskap vart godkjent av NVE 5.1.2021, med tilslutnad frå Nasjonalparkstyret i sak 5/2021 i møte 1. februar 2021. Detaljplanen la opp til at enkelte detaljar skulle avklarast ved synfaring. Det vart gjennomført felles synfaring av området 16.8.2021, der begge forvaltarane og styreleiar deltok saman med NVE og tiltakshavar. Tiltakshavar informerte om ønskte endringar i detaljplanen, med synfaring i terrenget.

Utdrag av søknaden om endra detaljplan på 3 punkt:

«1. **Anleggsvei frem til inntak.**


*Etter nye vurderinger så ser tiltakshaver en stor fordel å få bygge en midlertidig anleggsvei fra eksisterende inntak til nytt inntak ca. 100 m lengre opp på kote 1141. I anleggsperioden vil veien bli brukt til frakt av utstyr og personell. En beregner en bredde fra 3 til 4 m. Etter idriftsettelse foreslås veien redusert til en gangsti/ATV sti, med en bredde på ca. 2 – 3 m. Vurdert på nytt så vil det bli mest skånsomt å legge vegen i anleggsperioden på østsiden av bekken nedenfor moreneraset, som da vil bli lite berørt. Nedenfor vedlagte bilder og tegninger viser hvor en søker om inngrepet til veitraséen»*





## 2. Endring av planlagt inntak

Det har blitt reist spørsmål fra tiltakshaver om en forbitappingsluke kan være nødvendig å for å tappe ned inntaksmagasinet ved eventuelt vedlikehold og rensing av sandfang, da det har kommet indikasjoner at Hestbekken kan i perioder føre en del morenemasse med seg i flomtider. Dette er nå vurdert og det søkes om en kanal med forbi tapping i inntaks-konstruksjonen. Se nedenfor bilder 3D tegninger fra opprinnelig planlagt inntak og nytt planlagt inntak.



Opprinnelig planlagt inntak

Nytt planlagt inntak med forbitappingskanal med luke og lite luke hus

## 3. Søknad om bygging av inntakshus

(Referat fra godkjent detaljplan fra NVE): I detaljplanen er det ikke omsøkt luke hus. Tatt i betraktning behovet for sikker drift av kraftverket for leveranse av strøm til turisthytta og lokale snøforhold, mener tiltakshaver at det kan være behov for ei mindre luke hus/ instrumentbu (ca. 1,5m x 1,5 m). Dette for å ha en sikker tilgang til tekniske installasjoner, og for å beskytte de samme installasjonene mot vær og vind. NVE ser det som hensiktsmessig at et eventuelt luke hus bygges samtidig med arbeidet som nå er planlagt. Beskrivelse og utførelse av luke hus med illustrasjon oversendes for godkjenning.

Eksempel på lukehus vist med illustrasjon i søknaden:



Bilde av tilsvarende luke hus som planlegges å sette over inntakskummen.

#### **4. Søknad om endring av minstevannføringa**

(Ref fra referat befaring 16.08) Det er fastsatt slipp av minstevannføring (MVF) fra inntak i Hestbekken: I sommerhalvåret (1.5 – 30.9) skal det slippes 20 l/s, resten av året 10 l/s. Hestbekken er vurdert som fisketom, slipp av MVF er for å opprettholde biologisk liv i bekken. Utbygger ønsker endringer i MVF-slipp som er bedre tilpasset vannføringsforholdene i bekken og kraftbehovet ved turisthytta. Dette betinger en egen begrunnet søknad til NVE om endring av konsesjon. Grunnen er at særlig i sommerhalvåret skal det slippes 20 l/s frem til og med 30.9. Erfaringsmessig så går vannstanden veldig mye ned i september, og da kan minstevannføringen på 20 l/s volde problemer for driften i september måned. Det ble drøftet om mulig endring av sommervannføringens periode bør vare fra 1.5 – 30.8. Det ble også reist spørsmål om 10 l/s er nok hele året til å holde det biologiske mangfoldet levedyktig. Tiltakshaver vil sende inn søknad til NVE konsesjonsavdelingen om å få 10 l/s hele året eller primært endret sommervannføringen i perioden 1.5 - 30.8. Vintervannføringsperiode 1.9 – 30.4.

*Beregning av minstevannføringa og detaljert konstruksjonstegning er avhengig av vedtak fra NVE og Nasjonalpark styret i Jotunheimen. Denne vil bli innsendt så snart vedtaket foreligger i god tid før byggingen av inntakskonstruksjonen»*

Revidert detaljplan skal både godkjennast av NVE som fagmyndigheit, og behandlast av nasjonalparkstyret i høve til verneforskrift for Jotunheimen. Saksbehandlar i NVE har hatt dialog med nasjonalparkforvaltar og saksbehandlar i Lom kommune i samband med den reviderte planen, og NVE har i fagnotat av 21.02.22 gjeve sine faglege vurderingar av endringane. Fagnotatet vil danne underlag for behandlingane i nasjonalparkstyret og i Lom kommune. NVE vil med utgangspunkt i behandlingane i nasjonalparkstyret og Lom kommune fatte endeleg vedtak om godkjenning av detaljplanen.

Utdrag av fagnotatet frå NVE datert 21.02.22:

##### «Endring 1: Anleggsvei frem til inntak

Det søkes om ca 100 m ny anleggsvei opp til nytt inntak. Startpunkt er ved enden av anleggsvei opp til eksisterende inntak. Det ønskes å føre veien øst for bekken i underkant av moreneraset. I anleggsperioden vil veien ha en bredde på 3-4 m. I driftsfase vil det kun være behov for en gangsti/ATV-trase med bredde 2-3 m.

- Valgt løsning med veitrase nede langs elva, vurderes som landskapsmessig bedre enn å legge veien oppe på rabben for så å skjære seg ned i skråningen mot inntaket.
- Driftserfaringer fra tilsvarende små kraftverk med inntak som er utsatt for massetransport/isproblemer, er at det er nødvendig å ha en mulighet for å kunne ta seg opp til inntaket med maskinelt utstyr dersom det oppstår problemer på inntaket. Dette vil kunne forhindre skader på inntakskonstruksjonen og terrenget rundt denne.
- Deler av ny anleggsvei vil gå i skrått terreng og sannsynligvis medføre mindre

rasskråninger i morenemassene tilsvarende det vi i dag ser ved vei til eksisterende inntak.

- Rasskråninger i morenemasser forekommer naturlig i området. Forekomsten av naturlige rasskråninger bidrar til å dempe landskapsvirkningene av en eventuell rasskråning tilknyttet vei opp til inntaket.
- Det er mulig å dempe erosjon både ved eksisterende anleggsvei og ved en fremtidig anleggsvei/ATV-trase. Skråningen på overside av vei, kan slakes noe ut ved at naturstein fra traseen brukes for å stabilisere skråningsfoten. Det er også mulig å bruke kokosmatter for å stabilisere skråningene og bidra til vegetasjonsetablering.
- Anleggsvei/ATV-trase vil være utsatt for erosjon, særlig i vårsmelting og ved styrtregn. Utforming med tverrfall som får vannet til å renne av veien, ikke langs veien samt grøfter/stikkrenner der det er behov, vil redusere fremtidig erosjon/vedlikehold.

#### Endring 2: Endret inntaksløsning

- NVE vurderer forbitappingsluke i dammen som hensiktsmessig. Ut fra flybilder ser det ut til at det er flere erosjonsområder som bidrar med løsmasser til Hestbekken. Dette gjør at bekken i flomperioder sannsynligvis er masseførende. En inntaksdam vil stoppe de groveste fraksjonene og det må påregnes at inntaksdammen med jevne mellomrom må tømmes for tilførte masser for å opprettholde sin funksjon. Det vil være behov for tilgang med maskinelt utstyr for å utføre denne typen vedlikehold. Dette underbygger behovet for en tilrettelagt kjørbare trase opp til inntaket.
- Det vil være en fordel om tiltakshaver, før bygging av inntaket, tar stilling til hvordan det planlegges tømt for tilførte masser. Dette for å sikre at inntaket og terrenget rundt utformes på en praktisk/hensiktsmessig måte for å få tømt inntaksmagasinet for masser.

#### Endring 3: Inntakshus

- Et inntakshus på ca 1,5x1,5 m er hensiktsmessig for driften av kraftverket og for kontroll av slipp av minstevannføring. Søker bør spesifisere overflater (matte ikke reflekterende/blanke), fargevalg (mørke naturfarger) og takvinkel slik at bygget får en utforming som ikke stikker seg ut i landskapet.

#### Endring 4: Redusert periode for slipp av sommerminstevannføring

I konsesjon av 29.4.2019 er slipp av minstevannføring (MVF) bestemt til: «I sommerhalvåret 01.05.-30.09. skal det slippes en minstevannføring i Hestbekken på 20 l/s, mens minstevannføring på vinteren 01.10.-30.04. er satt til 10 l/s.»

Konsesjonær ønsker at slipp av sommerminstevannføring avsluttes 30.8 i stedet for 30.9. Bakgrunnen er at vannføringen i Hestbekken synker sterkt i september og at en minstevannføring på 20 l/s i september kan skape problemer for kraftverksdriften. Den foreslåtte endringen i tidspunkt for slipp av sommerminstevannføring påvirker ikke utformingen av de tekniske anleggene. Det bør fremskaffes et faglig grunnlag for vurdering av tidspunkt for overgang fra sommer- til vinterslipp. En mulig fremgangsmåte er å se på driftserfaringer etter etablering av inntaket samt måle vannføringen i Hestbekken i perioden juli til oktober noen år.

#### Inngrepsgrenser

Godkjent anleggsbredde for rørgate er inntil 8 m. For anleggsvei er det ikke angitt inngrepsbredde verken i godkjent detaljplan eller i omsøkt endring. Det er viktig å få fastsatt inngrepsgrenser som muliggjør bygging, men som samtidig begrenser arealinngrepene mest mulig og tar hensyn til sårbare/verdifulle arealer. NVE mener dette best kan gjøres ved fysisk avmerking i terrenget forut for oppstart av anleggsarbeidene. Her bør tiltakshaver, konsulent, entreprenør(er), nasjonalparkstyre, kommune og NVE delta. Tiltakshaver/entreprenør bør sørge for at for eksempel rødfargede trestikker er tilgjengelig for fysisk merking i terrenget. Dersom det er behov for koordinatfesting eller fotodokumentasjon av inngrepsgrensene, bør kommune eller nasjonalparkstyre ta med utstyr for dette.»



## Motorferdsel

I tillegg til godkjenninga av detaljplan for gjennomføring av utbygginga, må tiltakshavar også innhente nødvendige løyve for motorferdsel – i god tid før anleggsstart. Nasjonalparkstyret skal med heime i verneforskrifta godkjenne motorferdsel som er nødvendig i utbygginga. Motorferdsel må også behandlast av dei berørte kommunane, Lom og Vågå, som myndigheit etter motorferdsellova. Anlegget ligg i Lom, men ein del av transporten vil gå på innsjøen Gjende, som ligg i Vågå kommune.

Tiltakshavar må leggje fram ein søknad om dispensasjon for motorferdsel, som gjer greie for korleis transportbehov og anleggsverksemd er tenkt løyst. Dette blir tilrådd lagt fram som ein samla plan, som gjer greie for følgjande:

- Transport av materialar og utstyr på vinterføre
- Transport av materialar og utstyr ved hjelp av flåten på Gjende
- Bruk av helikopter til transport og hjelpemiddel under anleggsarbeidet
- Maskinar og transportmiddel til bruk i anleggsarbeidet og intern transport innan anleggsområdet på bermark

Transportplanen må gjera greie for alle motoriserte hjelpemiddel som er tenkt brukt og i kva periodar motorferdsla vil foregå. Det er truleg vanskeleg å anslå tal turar i eit såpass omfattande arbeid, så avgrensingane må heller skje ved tidsrom for transport og definisjon av transportmetode og trasear for dei ulike formåla.

## Heimelsgrunnlag

### Delegering

Nasjonalparkstyret har delegert forvaltningsmyndigheit for Jotunheimen nasjonalpark og Utladalen landskapsvernområde i medhald av reviderte vedtekter gjeldande frå 01.01.2020.

Det er gjort grundig greie for myndigheit etter vassdragslova i sak 16/2019, da styret gav konsesjon for Memurubu Kraftverk. NVE er fagmyndigheit for godkjenning av detaljplan.

### Verneformål – forskrift

§ 3, pkt.1.1 gjev i utgangspunktet vern mot alle inngrep i landskapet:

*«Området er verna mot inngrep av ein kvar art, medrekna oppføring og ombygging av varige eller mellombelse bygningar, gjerde, anlegg og innretingar, riving av bygningar, parkering av campingvogner, bubilar, maskiner og liknande, opplag av båtar, vegbygging, bergverksdrift, vassdragsregulering, fjerning eller øydelegging av biologisk og geologisk materiale i grotter, graving, utfylling og lagring av masse, sprenging og boring, bryting av stein, mineralar og fossil og fjerning av større stein og blokker, drenering og anna form for tørrlegging, nydyrking, bakkeplanering, framføring av luft- og jordleidningar, bygging av bruer og klopper, oppsetting av skilt, opparbeiding og merking av stiar, løyper og liknande. Opplistinga er ikkje uttømmende.»*

Forvaltningsstyresmakta kan i medhald av § 3 pkt. 1.3 j) gi løyve til:

*«Oppgradering/fornyng av kraftanlegg og kraftlinjer som ikkje fell inn under pkt. 1.2 h.»*  
§ 3 pkt. 1.3 j) er ein spesifikk dispensasjonsregel i verneforskrifta knytt til oppgradering/fornyng av kraftanlegg.

Det vert vurdert at utviding av kraftverket med inntak høgare opp, med utvida strekning i vassdraget som blir påverka og forlenging av røygata ikkje kjem inn under denne paragrafen. Saka må derfor vurderast etter den generelle dispensasjonsregelen i § 4 i verneforskrifta som er erstatta av naturmangfaldlova § 48.

## Naturmangfaldlova

Naturmangfaldlova § 48 set svært strenge krav til når ein dispensasjon eventuelt kan vurderast, men opnar for tiltak som «*ikke strider mot verneformålet og ikke påvirker verneverdiene nevneverdig*». Begge vilkåra må vera oppfylt.

Formålet med vern av nasjonalparken er «- - - å ta vare på eit stort, samanhengjande og villmarksprega naturområde i overgangen mellom austlandsk og vestlandsk fjellnatur som inneheld særprega og representative økosystem og landskap utan tyngre naturinngrep. Vidare er formålet med vernet å ta vare på:

- *Eit høgfjellsøkosystem med eit eigenarta og variert naturmangfald, medrekna artar, bestandar, naturtypar og geologi*
- *Store alpine fjellmassiv med brear og spisse tindar med dei høgste fjelltoppane i Noreg*
- *Vakre og eigenarta landskap*
- *Fjellvatn og vassdragsnatur*
- - - -

*Ålmenta skal ha høve til uforstyrra naturoppleving gjennom utøving av naturvenleg og enkelt friluftsliv med liten grad av teknisk tilrettelegging.*» (utdrag av § 1 i verneforskrifta)

Dispensasjonsregelen i § 48 kan ikkje brukast for å utvide rammene for vernevedtaket, men skal fange opp uføresette eller spesielle tilfelle som ikkje var vurdert på vernetidspunktet. Søknaden blir og vurdert etter dei miljørettslege prinsippa i naturmangfaldlova (nml) §§ 8-12.

I samband med anleggsarbeid og istandsetting etter avslutta anlegg er §§ 11 og 12 relevante:

*§ 11. (kostnadene ved miljøforringelse skal bæres av tiltakshaver)*

*Tiltakshaveren skal dekke kostnadene ved å hindre eller begrense skade på naturmangfoldet som tiltaket volder, dersom dette ikke er urimelig ut fra tiltakets og skadens karakter.*

*§ 12. (miljøforsvarlige teknikker og driftsmetoder)*

*For å unngå eller begrense skader på naturmangfoldet skal det tas utgangspunkt i slike driftsmetoder og slik teknikk og lokalisering som, ut fra en samlet vurdering av tidligere, nåværende og fremtidig bruk av mangfoldet og økonomiske forhold, gir de beste samfunnsmessige resultater.*

Om vilkår for bruk av § 48:

Miljødirektoratets veileder M106-2014 - Rundskriv om forvaltning av verneforskrifter - viser m.a. til følgjande når det gjeld bruk av § 48 som unntaksheimel:

*Det følger av forarbeidene til naturmangfoldloven at den generelle dispensasjonsbestemmelsen i § 48 ikke kan anvendes for å utvide den rammen som er trukket opp i vernevedtaket. Bestemmelsen skal være en sikkerhetsventil for tiltak som ikke kunne forutses eller spesielle/særskilte tilfeller som ikke ble vurdert på vernetidspunktet.»*

----

*Tiltaket eller aktiviteten vil være i strid med verneformålet dersom en tillatelse vurderes å ha en negativ påvirkning på verneformålet samlet sett. - - - -*

*Mange små inngrep kan over tid få store konsekvenser for verneformålet. Dersom det er mange eksisterende inngrep i et verneområde, vil den samlede belastningen på verneverdiene lettere kunne medføre at et tiltak eller en aktivitet vurderes å være i strid med verneformålet. Det følger av prinsippet om samlet belastning i naturmangfoldloven § 10 at en påvirkning av et økosystem skal vurderes ut fra den samlede belastningen som økosystemet er eller vil bli utsatt for. Dette innebærer at også planlagte tiltak vil ha betydning i vurderingen. Det må derfor vurderes hva som blir summen av belastningen på naturmangfoldet som følge av det omsøkte tiltaket, og andre kjente tiltak, nå og i fremtiden.*

*Ved usikkerhet om tiltakets virkninger for naturmiljøet skal det legges vekt på føre-var-prinsippet i naturmangfoldloven § 9. Det er også viktig å være oppmerksom på at selv om det omsøkte tiltaket eller aktiviteten ikke har direkte negativ betydning for verneverdier, kan tiltaket generere annen virksomhet som kan medføre skade.*

*Vilkåret om at tiltaket ikke skal påvirke verneverdiene nevneverdig innebærer en mer konkret vurdering av de enkelte verneverdiene som omfattes av verneformålet. - - - -*

*Hvilke verneverdier som berøres avhenger av den faktiske situasjonen og miljøtilstanden på det tidspunkt søknaden blir behandlet. Kravet om at tiltaket ikke skal påvirke nevneverdig innebærer at dispensasjonsadgangen er snever. Det kan bare dispenseres i de tilfeller tiltaket vil ha ubetydelig eller begrenset virkning for verneverdiene. Dette kan være ved midlertidig eller forbigående forstyrrelser, eller enkeltstående aktiviteter eller tiltak. Bestemmelsen gir også klar anvisning på at hensynet til verneverdiene skal være overordnet for eksempel næringsinteresser. Ved usikkerhet om virkningene tiltaket eller aktiviteten kan ha for verneverdiene, bør føre-var-hensyn tillegges stor vekt i vurderingen.»*

## **Forvaltningsplan**

Utkast til forvaltningsplan (2008) er brukt som rettleiende dokument. Det er allereie gjort vurdering av at kraftverket kan byggast. Når det gjeld inngrep gjev planen slike føringar: «Fylkesmannen meiner at mikrokraftanlegg nokre gonger kan vere ei løysing dersom inngrepa er små, lite synlege, inntaket av vatn lite og at krafta skal brukast på staden.»

## **Presedens**

Spørsmål om presedens er grundig vurdert i sakene 36/2018 og 16/2019. Det blir lagt vekt på at det var eit etablert anlegg på vernetidspunktet, og at verneforskrifta har føringar som legg til rette for at anlegget skal kunne oppretthaldast.

Brev av 02.03.15 frå Klima- og miljødepartementet (KLD) gjev retningslinjer for presedens i byggesaker med dispensasjonsvurdering etter naturmangfoldlova § 48, jf. utdrag:

*«Presedensvurderingen bør være så konkret som mulig. Presedensfaren skal være reell og ikke hypotetisk. En konkret presedensvurdering vil bidra til likebehandling og ivareta hensynet til rimelighet. Dette vil øke forståelsen for verneforvaltningen.*

*Vurderingen av presedensvirkninger knytter seg for det første til sannsynligheten for at lignende tiltak vil fremmes i fremtiden. Dette avhenger primært av antall saker hvor likebehandling tilsier at dispensasjon vil måtte gis. Sannsynligheten varierer på en skala fra lite sannsynlig til svært sannsynlig. For det andre knytter vurderingen seg til konsekvensene for verneområdet av at de lignende sakene får samme utfall. Disse konsekvensene varierer på en skala fra lite alvorlige til svært alvorlige*

*Momenter ved vurdering av sannsynlighet for at et vedtak vil skape presedens vil blant annet kunne være hvor mange andre hytter det er i verneområdet som vil kunne søke om samme tiltak, om det er spesielle forhold knyttet til saken som tilsier at den kan særbehandles og om tiltakstypen er behandlet i forvaltningsplan med klar avgrensning av hva som kan tillates.*

*Momenter ved vurdering av hvilke konsekvenser det kan få om vedtaket danner presedens, vil blant annet kunne omfatte hva slags vernekategori det er tale om (det vil gjennomgående være mer alvorlige konsekvenser ved økt bygningsmasse i nasjonalparker enn i landskapsvernområder), hva slags verneformål det er tale om (i noen områder er verneformålet knyttet til å bevare urørte og villmarkspregede områder) og hvor stort / omfattende tiltaket er.*

- - -

*«Hvis søker har spesielle behov for å gjennomføre tiltaket, kan dette skille saken fra andre lignende saker og dermed redusere faren for presedensvirkninger.»*

## Vurdering

Det er nå søkt om justeringar av tidlegare godkjent detaljplan på 3 punkt:

- Anleggsveg på austsida av Hestbekken opp til nytt inntak
- Endring av inntak
- Bygging av inntakshus

Vurderingane i tidlegare godkjent detaljplan blir lagt til grunn, men med tilleggsvurderingar for endringane som det nå er søkt om.

Sak 5/2021 om godkjenning av detaljplan har desse vurderingane etter nml §§ 8-12:

«Detaljplanen forhold seg i stor grad til dei overordna føringane gitt i tidlegare vedtak i Nasjonalparkstyret – sak 36/2018 og sak 16/2019, og ein viser til vurderingane etter naturmangfaldlova §§8-12 som vart gjort i sak 36/2018:

*Vurdering etter naturmangfaldlovas §§ 8-12: Det er god kunnskap om naturmangfaldet, og søkjar har fått utarbeidd eigen fagrapport på biologisk mangfald for det aktuelle området*

*(§ 8). Tiltak vil i stor grad skje langs eksisterande røyrgate og i kjøretraseen opp mot eksisterande inntak. Det nye inntaket og den øvre delen av røyrgata som skal leggjast på overflata og forankrast i berg på vestsida av Hestbekken vil ikkje påverke særleg sårbare artar. Biologisk mangfald-kartlegginga har ikkje avdekt raudlisteartar som vil bli skadelidande ved endra vassføring eller ved inngrep i og ved vasstrengen ved nytt inntak og ved kryssinga som er planlagt nedanfor det eksisterande inntaket. Det er derfor ikkje behov for å bruke føre-var-prinsippet (§ 9). Økosystemtilnærming og samla belastning (§ 10) tilseier at ein har streng praksis når det gjeld alle terrenginngrep og motorferdsel i verneområdet. Kvart enkeltvedtak må vurderast i høve til samla påverknad og om eit løyve vil kunne skape presedens. Tiltaket kan skape presedens i høve til eventuelle nye søknader, men spørsmålet om småkraftverk er vurdert på overordna nivå med ei positiv haldning i utkastet til forvaltningsplan frå 2008. Det omsøkte tiltaket blir ikkje vurdert å medføre skade på naturmangfoldet, og prinsippet etter § 11 er derfor mindre aktuelt. Etter nml § 12 - miljøforsvarlige teknikker og driftsmetoder må transport ved bygging av ny inntaksdam og legging av den øvre del av røyrgata på vestsida av Hestbekken skje ved hjelp av helikopter for å unngå unødige terrenginngrep i eit hittil urørt område. Dette er også lagt til grunn i søknaden. Anleggsveg nå utformast slik at den ikkje leier inn vatn som kan føre til erosjon langs røyrgatetraseen.*

*Vegetasjonsmasse/overflatejord må takast vare på og plasserast slik at det blir lagt til rette for revegetering der ein har fått sår i landskapet. Køyrespor i terrenget må jamnast til ved avslutning av arbeidet.»*

Det var i sak 5/2021 lagt til grunn at inngrep i stor grad vil skje langs eksisterande røyrgate og i kjøretraseen opp mot eksisterande inntak, jf. detaljplanen og godkjenninga frå NVE.

I konsesjonssøknaden vart det lagt vekt på at transport ved bygging av ny inntaksdam og legging av den øvre del av røyrgata på vestsida av Hestbekken skulle skje ved hjelp av helikopter for å unngå unødige terrenginngrep i eit hittil urørt område, og denne føresetnaden inngår i vurderinga etter nml § 12 om *miljøforsvarlige teknikker og driftsmetoder* i sak 36/2018 – sjå avsnitt over. Dette var eit klart vilkår for at NP-styret godkjende ei flytting av inntaket oppstrams til kote 1141. I vurderinga av detaljplanen skriv NVE m.a. følgjande:

*«Det skal ikke bygges permanent vei frem til inntaket og det er lagt til grunn at det ikke skal kjøres i terrenget på den delen av traseen som ligger ovenfor dagens inntak. Vær og vind i byggefasen kan legge restriksjoner på bruk av helikopter. Det kan oppstå behov for motorisert transport av maskiner (eks gravmaskin og borerigg) og materiell fraktet på ATV med henger mellom gammelt- og nytt inntak, en avstand på 150 meter. I detaljplanen er det*

*ikke beskrevet tiltak for å kunne gjennomføre alternativ transport innenfor rammene satt av Nasjonalparkstyret, om behovet skulle oppstå. NVE mener det bør utarbeides en plan for dette, som ser på mulighetene for f.eks å fly inn materialer for bygging av en midlertidig klopp over sårbart terreng, skytematter eller matter av lettere materiale.»*

Det er ikkje lagt fram noka alternativ løysing i tråd med denne skissa, men søknaden er endra til at ein ønskjer anleggsveg opp til inntaket i samband med byggearbeidet.

#### Bygging av anleggsveg på austsida av Hestbekken:

Dette er ei vesentleg endring i høve til det som er lagt til grunn i konsesjonssøknaden frå Kleppconsult AS. I revidert søknad blir ein tilgjengeleg køyretrase opp til inntaket presentert nærast som ein føresetnad for å drifte kraftverket, og dette går vesentleg ut over dei behova som var skissert i opphavleg søknad. NVE har i si faglege vurdering av 21.02.22 vurdert at behovet kan vera til stades for enkelte framtidige vedlikehaldsoperasjonar som krev maskinelt utstyr. Det er tvilsamt om ein kunne tilrådd dispensasjon for nytt inntak høgare oppe i Hestbekken dersom dette hadde vore kommunisert på søknadstidspunktet i 2018. Ein viser til vilkåra for bruk av dispensasjonsheimelen i naturmangfaldlova § 48, om at tiltaket «*ikke strider mot vernevedtakets formål og ikke kan påvirke verneverdiene nevneverdig*». Verneverdiane landskap og geologi er dei som først og fremst vil bli påverka av vegen.

Ein brukte i sak 36/2018 nml § 48 for å godkjenne inntaksdam høgare opp enn dagens inntak. I utgangspunktet var dette eit tiltak som ikkje heilt fyller vilkåra om at det ikkje er i strid med verneformålet eller går ut over verneverdiane. Når ein likevel kom fram til å akseptere denne utvidinga av inngrepssonen var det ut ifrå ei samla vurdering om at dei naturgjevne tilhøva for å få eit betre landskapstilpassa inntak var betre ved kote 1141 enn det som er mogleg ved dagens inntak, og det at anleggsarbeida ovafor dagens inntak ifølgje søknaden skulle gjennomførast ved hjelp av helikopter og at dei ikkje skulle byggast anleggsveg opp til kote 1141. Samla sett kom ein med desse føresetnadene fram til at ei sanering av den gamle inntaksplassen ville ha så stor fordel at ein kunne akseptere utvidinga til kote 1141.

Når ein i ettertid kjem opp med behov for anleggsveg til kote 1141 og ein fare for at denne kan bli liggande som eit permanent og godt synleg inngrep er det vanskelegare å si at dei strenge vilkåra i nml § 48 vil vera oppfylt. Ein ser det difor som ein klar føresetnad at anleggsvegen ikkje blir ein permanent driftsveg, men kun gangveg. Breidda på gangvegen rydda for kratt/tre kan vera slik at ein ved særleg behov kan koma fram med ATV for nødvendig rensk og vedlikehald av inntaket. Køyring i særlege tilfelle kan vurderast etter søknad, og bør ikkje gå inn i det fleirårige driftsløyvet som gjeld opp til øvre del av anlegget slik det var etablert på vernetidspunktet.

Det er i endringsøknaden vist til at det vil vera behov for maskinelt utstyr for bygging av nytt inntak. Tiltakshavar vurderer det som uråd å utføre alt arbeid berre ved hjelp av helikopter. Ein ser at dette kan vera vanskelg, men meiner at det er noko problematisk at konsesjonen vart behandla med føresetnader som nå viser seg å ikkje vera realistiske.

Bilete som viser eksisterande situasjon illustrerer godt at det er køyresporet/anleggsvegen oppover den bratte lia mot dagens inntak som er det mest synlege av dagens anlegg:



(Foto: S. Mæland, september 2018)

Pila oppe til venstre viser starten på den nye anleggsvegen. Her vil fjellbjørkeskogen måtte fjernast i minst fire meters breidde for anleggsarbeidet. For seinare tilkomst opp til nytt inntak må ein trase på 2-3 meters breidde haldast fri for tre- og buskvegetasjon, for å sikre framkommelegheit i tilfelle behov for maskinelt utstyr til opprensning / vedlikehald av inntaket. Ved permanent bruk som køyretrase for ordinær drift og tilsyn vil vegen bli liggande som eit synleg sår i landskapet. Ved å behalde vegen ovarfor dagens inntak som gangveg, vil vegbana etter kvart gro til med gras/urter og framstå som mindre synleg i landskapet.

Det er vidare presentert endring i inntaksdam/-konstruksjon og ønskje om inntakshus.

Desse endringane utløyser ikkje vesentleg andre vurderingar enn dei som er gjort for inntaket i godkjenning av den opphavlege detaljplanen. Det vesle lukehuset vil skjerme installasjonane på ein god måte, og påverknad på landskapet vil vera akseptabel, under føresetnad av at bygget blir påført mørk naturfarge og taktekking med mørk og matt overflate.

Oppsummering av vidare oppfølging:

Det er i detaljplan og godkjenning lagt opp til at enkelte detaljar avklarast ved synfaring i samband med anleggsstart, ved eventuelle endringar undervegs og før avslutning av anleggsarbeidet – jf. pkt. 1 i vilkåra sett i godkjenninga frå NVE av 05.01.2021. Dette er i tråd med NVE sine rutinar for oppfølging av konsesjonar for småkraftverk, og nasjonalparkstyret som forvaltningsmyndigheit vil også bli involvert sidan anlegget ligg i eit verneområde. Det vil vera mest praktisk å gje nasjonalparkforvaltarane myndigheit til å opptre på vegne av styret på desse synfaringane, for å sjå til at styrevedtaka blir fylgde opp på ein god måte. I den grad styreleiar og andre frå styret ønskjer å delta på desse synfaringane vil det bli lagt opp til å halde styreleiar og styret orientert om aktuelle synfaringdatoar.

#### 4. Endring av konsesjonsvilkår - minstevassføringsperioder

Det er i endringssøknaden varsla søknad om endring av konsesjonen når det gjeld minstevassføring (endra tidsrom for sommar- og vintervassføring). Ei slik endring kan ikkje behandlast som en del av detaljplanen og blir teke opp dersom det kjem formell søknad. Ein har heller ikkje godt nok grunnlag for å vurdere spørsmålet med opplysningane som ligg føre. Det må synleggjerast meir konkret kva ein reduksjon i minstevassføringskravet frå 20 til 10 l/s vil ha å si for kraftproduksjonen i september, som er nemnd som den kritiske perioden. Vidare bør vassføringa i Hestbekken følgjast over tid for å kunne vurdere konsekvensane for vassdraget – jf. fagleg vurdering frå NVE. Ein slik søknad om endring må også sendast for uttale til Innlandet fylkeskommune som vassdragsmyndigheit.

Når det gjeld eventuell endring av konsesjonen på punkt om minstavassføring er det uheldig at ein ikkje kan få alle endringar samla. Det er uryddig at ein stadig får endra føresetnader i høve til den opphavlege søknaden om oppgradering av kraftverket frå 2018. Dei naturgjevne forholda med normalt lita vassføring i september er ikkje ein ny situasjon, så det er mogleg at tiltaket heller bør innordne seg dei gitte rammene i staden for å be om eit trinnvis utvida handlingsrom gjennom stadig nye endringssøknader. Det er også krevjande for styremedlemmene å setja seg inn i saka så mange gonger

# Saksframlegg

Arkivsaksnummer: 2022/1862-2

Saksbehandlar: Kari Sveen

Dato: 14.02.2022

Utval	Utvalssak	Møtedato
Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen	14/2022	14.03.2022

## Jotunheimen NP - Dispensasjon - 2022 - Oppføring av nytt naust ved Bessvatnet i Vågå - 187/1 - Vågå Røde Kors Hjelpekorps

### Innstilling frå forvaltar

*Området er verna mot inngrep som vesentleg kan endre eller verke inn på landskapet sitt særpreg eller karakter. Med dei unntaka som følgjer av forskrifta pkt 1.2 og 1.3 er det forbod mot inngrep som vegbygging, oppføring og ombygging av varige eller mellombelse bygningar, gjerde, anlegg og innretningar, parkering av campingvogner, bular, maskinar og liknande, bergverksdrift, vassdragsregulering, graving, utfylling og lagring av masse, sprenging og boring, bryting av stein, mineralar og fossil, uttak og fjerning av større stein og blokker, drenering og anna form for tørrlegging, nydyrking, nyplanting, bakkeplanering, framføring av luft- og jordleidningar, riving av bygningar som pregar landskapet sitt særpreg og karakter, bygging av bruar og klopper, oppsetting av skilt, opparbeiding og merking av stiar, løyper o.l. Opplistinga er ikkje uttømmende.»*

I medhold av § 3 pkt. 1.3 kan forvaltningsmyndigheten likevel gi tillatelse til

*b) Oppføring av mindre bygningar og innretningar som er naudsynte for drift av turisthytter i landskapsvernområdet i samsvar med forvaltningsplan.*

*c) Gjenoppføring av bygningar, anlegg, steinmurar og innretningar som er gått tapt ved brann eller naturskade.*

-----

*Ombygging, utviding og nybygg skal skje i samsvar med lokal byggeskikk når det gjeld utforming, fargar og materialbruk, og skal tilpassast landskapet.»*

Bokstav c) nevnt ovenfor kommer ikke til anvendelse i denne saken da denne hjemmelen er ment å omfatte bl.a. gjenoppføring av bygninger for samme formål. Oppføring av «Nye fjøslen» vil ha en annen funksjon enn tidligere fjøsbygning, og vil ikke huse husdyr. Det

vurderes derfor om søknaden om oppføring av «Nye fjøsen» på Vettismorki kan behandles etter verneforskrifta § 3 pkt. 1.3. b). Denne hjemmelen har et vilkår om at bygningen det evt. gis tillatelse til skal være av «mindre» karakter, og at den skal være «nødvendig for drift av turisthytter». Det siste vilkåret er oppfylt. Med «mindre bygninger» mener en nok her bygninger på størrelse med en utedo, vedskjul/uthus, og ikke så store bygg som i dette tilfellet på 36 m<sup>2</sup>. Søknaden må derfor behandles etter verneforskrifta § 4 første alternativ, jf. naturmangfoldloven § 48 første ledd.

Naturmangfoldloven § 48 setter svært strenge krav til når en dispensasjon eventuelt kan vurderes, men åpner for tiltak som «ikke strider mot verneformålet og ikke påvirker verneverdiene nevneverdig». Begge vilkårene må være oppfylt. Formålet med vern av landskapsvernområdet er «- - å ta vare på eit vilt og vakkert vestlandslandskap med økologisk verdi, kulturell verdi og opplevingsverdi og som er identitetsskapande, i tilknytning til Jotunheimen nasjonalpark.

Vidare er formålet med vernet å ta vare på:

- - - -
- *Eit eigenarta, ope og vakkert natur- og kulturlandskap med høg fjell, brear og geologiske avsetningar, der kulturlandskapet med beitebruk, gards- og stølsbygningar og kulturminne utgjør ein vesentleg del av landskapet sin eigenart.*
- - - -
- - - -

*Ålmenta skal ha høve til uforstyrra naturoppleving gjennom utøving av naturvenleg friluftsliv med liten grad av teknisk tilrettelegging. (Utdrag av formålsparagrafen, § 1, i verneforskrifta).*

Dispensasjonsregelen i § 48 kan ikkje brukast for å utvide rammene for vernevedtaket, men skal fange opp uføresette eller spesielle tilfelle som ikkje var vurdert på vernetidspunktet. Søknaden blir vurdert etter dei miljørettslege prinsippa i naturmangfoldlova (nml) §§ 8-12.

DNT OO søker også om uttak av torv til torvtak på Nye fjøsen. Verneforskrifta § 3 pkt. 2 beskytter plantelivet.

## 2. Plantelivet

### 2.1 Vern av plantelivet

*Plantelivet skal vernast mot skade og øydelegging som kan endre landskapet sitt særpreg og karakter vesentleg. Innføring av nye planteartar er forbode. For dyrka mark gjeld forbodet mot innføring av nye planteartar, berre planteartar som gjennom spreiding kan redusere verneområdet sin verdi.*

Forskriften har ikke en egen dispensasjonsregel for uttak av torv, så også denne delen av søknaden må behandles etter verneforskriften § 4 første alternativ, jf. naturmangfoldloven § 48 første ledd.


## **Forvaltningsplan** (utkast fra 2008 blir brukt som veiledende dokument)

Kap. 3.3.6 om bruken av verneområdene gir oversikt over turisthyttene i Jotunheimen og Utladalen:

*«... I landskapsvernområdet er det tre betjente turisthytter (Skogadalsbøen (DNT), Vetti Gard (privat eige) og Avdalen (Årdal Turlag)) og 4 ubetjente hytter, som alle er låst med DNT sin universalnøkkel (Ingjerdbu på Vettismorki, Gravdalen Seter, Stølsmaradalen og Vormeli). Samla har dei betjente og sjølvbetjente hyttene omlag 600 senger. Det er i dag DNT Oslo og omegn, den største lokalforeininga i DNT, som driv turisthytter, aktivitet og har ansvaret for*

rutenettet i Jotunheimen. I forvaltningsplanen vil DNT vere synonymt med lokalforeininga DNT Oslo og omegn.»

Forvaltningsplanutkastet deler verneområdene i ulike soner, etter tilretteleggingsgrad. Vettismorki ligger i såkalt brukssone i teig 11 – Heimre Utladalen – i Utladalen LVO.



«I den heimre delen av Utladalen, til og med Vettismorki- og Fleskedalenområdet, er det mange kulturminne og eit spesielt kulturlandskap som fortel om tidlegare bruk av området. Inn til Vetti gard er det bygd veg, –«Folkevegen». Årdal kommune har laga reglar for bruk av vegen. Området er godt tilrettelagt med stiar og buer. På stien frå Vetti og inn til Vettisfossen, som er eit mykje nytta turmål, blir det kvart år gjennomført vedlikehaldsarbeid. Vetti gard er open for overnatting og servering om sommaren. På Avdalen gard og husmannsplassen Hagaberg er alle dei tidlegare bygningane sett i stand eller nybygde etter 1991. Avdalen gard vert driven som betjent hytte om sommaren, elles som ubetjent. Det er eit svært omfattande skjøtselsarbeid kring garden som også er gjennomført Sjølve vegen til Vetti, «Folkevegen», Vetti gard og kraftleidningane til Vetti og Avdalen fell inn under kategorien «sone med spesiell tilrettelegging og inngrep» (kap. 6.3.4.). - - -

Følgende retningslinjer gjelder for Brukssone, Teig 11: Heimre Utladalen  
**Retningslinjer:** Heimre Utladalen har store kvalitetar m.o.t. kulturlandskap og nyare kulturminne. Skjøtselsplanen for Heimre Utladalen legg føringar for arbeidet med skjøtsel og ivaretaking av kulturminne og kulturlandskap. Ved tilretteleggingstiltak og restaurering av byggverk og stiar skal tidlegare standard og utforming vere retningsgjevande.

#### **Overordna strategi for sona:**

Tilrettelegginga som er i området i dag kan med få unntak haldast vedlike eller fornyast. Utanom mindre justeringar/endringar skal ikkje koma nye tiltak som merkte stiar, byggverk m.m (vil berre bli vurdert i heilt spesielle tilfelle). Auke i overnattingskapasiteten ved hyttene vil bli vurdert i høve til verknaden på naturmiljøet og som følgje av auke over lang tid. Det skal ikkje skje ytterlegare tilrettelegging for ferdsel til dei sentrale delane av brukssona.

I kap. 8.2 Turisthytter og andre hytter, buer og naust det fastsatt følgjande retningslinjer og tiltak:

#### **Retningslinjer:**

Det vil i utgangspunktet ikkje bli gjeve løyve til nye bygg utover dei som det tidlegare (i samband med handsaminga av vernevedtaket) er gjeve løyve til.

Alle nybygg, utvidingar og vedlikehald skal utførast i tradisjonell og lokal byggestil og på ein slik måte at det i minst mogleg grad bryt med natur- og kulturlandskapet og eksisterande bygg i området.

**Tiltak:**

- Samarbeide med kommunane om følgje opp tradisjonell byggestil.
- Samarbeide med fylkeskonservatoren om utsjånad på bygg i samband med restaureringsarbeid.
- Halde kontakt med Den Norske Turistforening og private turisthytter om om drift av turisthyttene

«Ei gradvis nedkorting av rutene som kan føre til krav om nye hytter andre stader, er ikkje ønskjeleg.»

**Naturmangfoldloven**

Miljørettsprinsippa i naturmangfoldlova §§ 8-12 skal vurderes i alle dispensasjonssaker.

**Presedens**

Brev av 02.03.15 frå Klima- og miljødepartementet (KLD) gir retningslinjer for presedens i byggesaker med dispensasjonsvurdering etter naturmangfoldloven § 48, jf. utdrag: «Presedensvurderingen bør være så konkret som mulig. Presedensfaren skal være reell og ikke hypotetisk. En konkret presedensvurdering vil bidra til likebehandling og ivareta hensynet til rimelighet. Dette vil øke forståelsen for verneforvaltningen. Vurderingen av presedensvirkninger knytter seg for det første til sannsynligheten for at lignende tiltak vil fremmes i fremtiden. Dette avhenger primært av antall saker hvor likebehandling tilsier at dispensasjon vil måtte gis. Sannsynligheten varierer på en skala fra lite sannsynlig til svært sannsynlig. For det andre knytter vurderingen seg til konsekvensene for verneområdet av at de lignende sakene får samme utfall. Disse konsekvensene varierer på en skala fra lite alvorlige til svært alvorlige.

Momenter ved vurdering av sannsynlighet for at et vedtak vil skape presedens vil blant annet kunne være hvor mange andre hytter det er i verneområdet som vil kunne søke om samme tiltak, om det er spesielle forhold knyttet til saken som tilsier at den kan særbehandles og om tiltakstypen er behandlet i forvaltningsplan med klar avgrensning av hva som kan tillates. Momenter ved vurdering av hvilke konsekvenser det kan få om vedtaket danner presedens, vil blant annet kunne omfatte hva slags vernekategori det er tale om (det vil gjennomgående være mer alvorlige konsekvenser ved økt bygningsmasse i nasjonalparker enn i landskapsvernområder), hva slags verneformål det er tale om (i noen områder er verneformålet knyttet til å bevare urørte og villmarkspregede områder) og hvor stort / omfattende tiltaket er. - - - «Hvis søker har spesielle behov for å gjennomføre tiltaket, kan dette skille saken fra andre lignende saker og dermed redusere faren for presedensvirkninger.»

På Vettismorki var det et privat tilbud om overnatting på Ingjerdbu fram til og med 2017. Da ble hytta tatt tilbake i privat eie. Grunneierne har nå tilbudt DNT Oslo og Omegn å sette i stand og leie Storesalet. Istandsetting av Storesalet krever ikke tillatelse etter verneforskrifta fra nasjonalparkstyret, og spørsmålet om presedensvirkningen er knyttet til søknaden om oppføring av Nye fjøsen, som skal dekke behovet for utedo, vedskjul, sikringsbu/hunderom og proviantlager knyttet til drifta av den selvbetjente DNT hytta. Etablering av et helt nytt overnattingssted på Vettismorki ville kunne skapt uheldig presedens sett i forhold til andre verneområder, men det at det har vært et tilsvarende tilbud i området tidligere og at istandsetting og drift av Storesalet medfører behov for utedo/vedskjul/sikringsbu/hunderom/lager, gjør at dette er et spesielt tilfelle. En mener derfor at denne saken ikke vil kunne danne presedens for andre aktører i det samme området eller i andre verneområder.

Avtalen mellom DNT OO og grunneier vil i dette tilfelle medføre at Storesalet blir ivaretatt i stedet for at bygget kanskje ville forfalle ytterligere.

## Vurdering

Setnralt på Vettismorki ligger hjemmestølene til Vettigardane. Stølsvegen, som nå er DNT-stien fra Vetti videre innover Utladalen mot Skogadalsbøen, passerer stølene. Nye Fjosen skal føres opp i et større kulturmiljø knyttet til disse gamle stølene. Her ligger en rekke bygninger og tufter. I rapporten *Kulturlandskap og kulturmarkstyper i Årdal kommune* står følgende om kulturmiljøet: *Stølen har om lag 15 bygninger og nokre få tufter etter stølshus. Stølsbygningane er ei blanding av gamle stølshus og nye hytter med tilhøyrande uthus. Stølshusa ligg på både sider av elva, anten lokalisert i små grupper eller rekkje. I rekkja aust om elva er det eitt stølshus som grunna storleik skil seg frå dei andre. Huset lyder med rette Storeselet, og like ved sida ligg ruinane etter ein løbebygning». Stølene og stølshusa er en del av verneformålet i Utladalen landskapsvernområde, og det er av stor verdi at stølshusene blir satt i stand for at helskapen i stølslandskapet blir tatt vare på.*

Med de endringene som er lagt fram i justert søknad av 09.02.22 vurderer forvalter at tiltaket kan vurderes med hjemmel i verneforskriften § 4 første alternativ, jf. nml § 48 første ledd første alternativ. Tiltaket må vurderes etter verneforskrifta for Utladalen landskapsvernområde slik det går fram av kapitlene om *Verneformål – forskrift og Naturmangfoldloven* ovenfor.

Ved vurdering av søknaden etter verneforskrifta § 4 første ledd, jf. nml § 48 første ledd første alternativ, må en først ta stilling til om vilkårene er oppfylt. Vilkårene forutsetter at tiltaket ikke er i strid med verneformålet og at det ikke påvirker verneverdiene nevneverdig. Det følger av forarbeidene at hva som må vurderes å være i strid med verneformålet, må sees i sammenheng med omfanget av tiltaket, arten og plasseringa vurdert opp mot verneformålet. Det kan bare gis dispensasjon dersom tiltaket ikke «påverkar verneverdiane nemneverdig» (vår utheving). Det vil si at det bare kan dispenseres i de tilfellene tiltaket vil ha ubetydelig eller avgrensa virkning for verneverdiene.

Kunnskapsgrunnlaget er godt dokumentert (jf. naturmangfoldlova § 8) bl.a. gjennom naturbase, økologisk grunnkart, Framlegg til skjøtselsplan av 08.05.2013, og sårbarhetsvurdering i området Vest-Jotunheimen/Utladalen. Området ved Vettismorki er prega av naturtypen Gamal barskog av verdi A (nasjonal verdi) og stølsområdet er kartlagt som naturbeitemark med verdi B (regional verdi). Ved stølsbuene er det open grasmark. Nærmest stølshusene og elva er det mye nitrofil vegetasjon og sølvbunkemark og karplantene i det aktuelle området er mest trivielle arter. I følge skjøtselsplanen er de store naturverdiene i naturbeitemarka knyttet til urørt skog. Tiltaket berører ikke disse verdiene. Selve Utladalen, dalføret med skogslir og Vettismorki er ikke inkludert i leveområdet for villrein i Vest-Jotunheimen. Omsøkte tiltak berører altså ikke viktige funksjonsområder som trekkområde, kalvingsområde eller beiteområde for villrein. (Det har ikke vært registrert villrein øst for Utladalen/Storutladalen siden 1985.) Det er heller ikke registrert andre trua eller sårbare arter i nærområdet til stølen, og det er ikke registrert kulturminne i området. Tiltakshaver har likevel plikt til å vise varsomhet og til straks å melde frå til Vestland fylkeskommune ved Kulturavdelinga dersom en under arbeidet skulle styte på automatisk freda kulturminne, jf. § 8, 2. ledd i Lov om kulturminne. Kunnskapsgrunnlaget jf. nml. § 8 er vurdert som godt for å vurdere saken, og føre-var-prinsippet jf. nml. §9 er derfor tillagt liten vekt.

I søknaden vektlegger DNT OO behovet for utedo, vedskjul, proviantlager og hunderom/sikringsbu. Når det gjelder behovet for ei sikringsbu viser DNT OO til Byggteknisk forskrift (TEK 17) med krav om at «enhver bygning for varig opphold skal ha et sikkert sted å flykte til i tilfelle brann.» For avsidesliggende hytter er dette løst med «sikringshytte». DNT OO bemerker at Vettismorki ikke kan regnes som avsidesliggende da det er omkringliggende hus å ta seg inn i ved nødverge, men at de likevel ser det som et trygghetstiltak at DNT disponerer to enheter med oppvarming i tilfelle noe skulle skje.



Hovedformålet med vernet er bl.a. å *«ta vare på et vilt og vakkert vestlandslandskap med økologisk verdi, kulturell verdi og opplevingsverdi og som er identitetsskapende..»*

Videre er formålet med vernet bl.a. å ta vare på *«eit eigenarta, ope og vakkert natur- og kulturlandskap.., der kulturlandskapet med beitebruk, gards- og stølsbygningar og kulturminne utgjør ein vesentleg del av landskapet sin eigenart.»*

Spørsmålet i dette tilfellet vil være om oppføring av «Nye fjøsen» på Vettismorki kan sees som et inngrep som vesentlig kan endre eller virke inn på landskapets særpreg eller karakter og om det kan påvirke verneverdiene nevneverdig? Dette er en skjønsmessig vurdering.

I tråd med tidligere uttale i saken vil nasjonalparkstyret vektlegge kulturminnemyndighetens uttale og faglige råd. Vestland fylkeskommune ved kulturarvseksjonen hadde i sin uttale ingen vesentlige merknader til oppføring av et nytt bygg på eksisterende murer, men ber om at DNT dokumenterer eksisterende situasjon/murer og at en ved etablering av DNT hytte på Vettismorki formidler historia til stølen og kulturmiljøet. Forvalter har ellers rådført seg med kulturarvseksjonen i fylkeskommunen om endringene som har kommet til undervegs i søknaden. I siste runde har de gitt tilbakemelding om at det er tradisjon med to vindskier på Vestlandet, tre vindskier er typisk for Østlandet. I grenseområdet kan det variere, men det er viktig å holde på dokumentert tradisjon. Videre uttaler de at fargebruk på dør og listverk rundt vinduene på Nye fjøsen bør være umalt. Det er Storeselet med sin fargebruk som sel som her bør stå fram, og Nye fjøsen må i størst mulig grad harmonere med bygningsmiljøet på Vettismorki. Dette vil også være i tråd med retningslinjer gitt i forvaltningsplanen.

Oppføring av en ny bygning på Vettismorki vil sette et nytt «fotavtrykk» på stedet og i landskapsvernområdet. Av omsyn til verneformålet er det likevel av stor verdi at Storeselet blir satt i stand fremfor at bygget forfaller. Istandsetting av selet bidrar både til den kulturelle verdien og opplevingsverdien for besøkende på Vettismorki, og det er identitetskapende. Stølsbygningene på Vettismorki utgjør en vesentlig del av landskapets egenart. Istandsetting og drift av Storeselet medfører behov for Nye fjøsen. Derfor støtter forvalter søker i at det er en bedre løsning å med nybygg på den gamle fjøstomta som «harmonerer med de andre husa på Vettismorki» (jf. uttale fra Vestland fylkeskommune) fremfor å sette opp et nytt frittstående vedskjul/utedo i medhold av verneforskrifta § 3 pkt. 1.3 b), selv om Nye fjøsen da blir større enn en ville tilrå for å fylle en uthusfunksjon. Nye fjøsen vil samtidig gi gode og funksjonelle løsninger for utedo, vedlager og hunderom/sikringsrom. Det at en i dette tilfellet også vil få en god formidling av historia til stølen og kulturmiljøet vurderes som positivt. Sammen skal istandsetting av Storeselet og oppføring av Nye fjøsen erstatte tilbudet DNT OO tidligere hadde gjennom Ingjerdbu på Vettismorki. En kan derfor ikke se at tiltaket medfører vesentlige endringer i ferdselsmønstre i området.

Det søkes også om uttak av torv til taket på Nye fjøsen i umiddelbar nærhet til, og like nord for Storeselet og Nye fjøsen for å unngå transport. Det er tradisjon for å ta ut torv til torvtak på stølshusene på Vettismorki. Uttaket vil ikke være til skade for naturmangfoldet på stedet (jf. kunnskapsgrunnlaget). Uttaket vil kunne være synlig på stedet med det samme, men ved uttak av striper på 0,5 m og ved å legge tilbake overskuddsmateriale vil det dannes ny torv på stedet. Det vil også være en fordel å nytte torv med stedeegne arter fremfor å transportere torv utenfra, noe som kunne medført at en fikk inn ikke stedeegne arter. Det anbefales å bruke torv fra naturbeitemark og ikke fra myr. Dette fordi myr er fuktighetskrevende, og miljøet på et tak vil kunne bli svært tørt.

Med bakgrunn i kunnskapsgrunnlaget og en skjønsmessig vurdering av opplysninger gitt i søknaden, gjennom dialog i saka og ved setting av vilkår, kan ikke forvalter se at tiltaket vil påvirke landskapets særpreg eller karakter vesentlig, eller verneverdiene nevneverdig, jf. naturmangfoldloven § 48 første ledd første alternativ.

Presedensvirkningen er vurdert ovenfor, og det er lagt vekt på at behovet for Nye Fjøsen er et helt spesielt tilfelle som medfører istandsetting og ivaretaking av Storeselet på Vettismorki. Tiltaket vil derfor ikke medføre uheldig presedens. Selv om tiltaket isolert sett i liten grad vil

påvirke natur- og kulturlandskapet, må den enkelte søknaden vurderes etter prinsippet om samla belastning, jf. naturmangfoldloven § 10. Med bakgrunn i en totalvurdering mener forvalter at istandsetting av Storeselet og oppføring av «Nye fjøsen» vil være positivt for kulturlandskapet på Vettismorki. Vestland fylkeskommune påpeker til slutt i sin uttale på følgende som står i rapporten *Kulturlandskap og kulturmarkstyper i Årdal kommune* «Vettismorki har eit eige særpreg grunna naturtilhøva med gamal, urskogprega furuskog. Den harmoniske stølsgrenda har eigenverdi samstundes som den dokumenterer ein intensiv bruk av fjellområda. Kombinasjon av kulturutnytting og dramatiske naturtilhøve er attraktiv i tursamheng, og friluftsopplevingar med skjøtselstiltak kan vere eit tiltak for å oppretthalde stølsmiljøet.» Dette understreker betydningen av å ta vare på stølsmiljøet på Vettismorki. Det er av stor betydning i denne sammenheng at Nye fjøsen blir oppført slik at bygget harmonerer med stølsmiljøet ellers på Vettismorki. Bygget skal ikke konkurrere med Storeselet, jf. at «huset lyder med rette Storeselet». Med de siste tegningene som er lagt fram, valg av materialer og utforming, og med vilkår satt for dispensasjonen, vil Nye fjøsen være en mer «tilbaketrukket» bygning som harmonerer med miljøet rundt. Det er svært viktig at måla på tuftene/muren dokumenteres nøyaktig. For å gjennomføre tiltaket vil det være behov for transport med helikopter i byggeperioden, men dette er av forbigående karakter. I driftsperioden vil provianttransporten samordnes med transport til de andre hyttene i Jotunheimen, og behovet er det samme som for drift av den tidligere hytta på Vettismorki, Ingjerdbu. Forvalter er ikke kjent med andre fremtidige tiltak av liknende karakter innenfor verneområdene i Jotunheimen eller andre verneområder. Den samla belastninga av tiltaket er derfor vurdert som akseptabel og nytteverdien anses å være større enn ulempene.

Søker har ved tilleggsinformasjon og justeringer til dispensasjonssøknad datert 09.02.22 gitt grundig informasjon om valg av materialer og høyde på grunnmuren, utvendig kledning, listverk, vinduer, dører, laftekasse og mål på bygningen. Laftekassen er gjenbruk av et lafta sel fra Vestlandet, og hoveddøra er ei staldør, også gjenbruk. Grunnmuren skal mures av den sammenraste muren, slik den var under det gamle fjøset (tørrmur), ca. 30 cm over terrenget og det tilføres ikke nye materialer i muren. Utedølsningen er tilpasset forholdene på Vettismorki, og den valgte løsningen skal sikre god kompostering samt tilrettelegge for enkel tømning av utedoen. Klimaet på Vettismorki skal være egnet for god kompostering. Avrenning sikres med riktig konstruert plate med fall til renne og sluk. Ved bygging av dokummen støpes det en betongplate med fall utover som isoleres med lettklinkerbetong, Lecakuler eller tilsvarende. Den støpte plata vil ikke være synlig på noen måte. Etter ei samla vurdering av tiltaket, vurderer forvalter at den valgte løsningen for oppføring av «Nye fjøsen» vil være en god miljømessig metode for dette tiltaket jf. naturmangfoldloven § 12 (miljøforsvarlige teknikker og driftsmetode). Det er en forutsetning at transport knyttet til byggearbeidet blir godt planlagt for å unngå unødig motorferdsel i verneområdet.

Dersom det ikke er tilfredsstillende rydda etter byggearbeidet kan tiltakshaver bli pålagt rydding, jf. naturmangfoldloven § 11.

Isolert sett er det ikke ønskelig med nye bygninger innenfor verneområdene. Med bakgrunn i de vurderingene som er gjort ovenfor, mener forvalter at oppføring av Nye fjøsen på de gamle bygningene er det beste løsningen i dette tilfellet, for å dekke behovet for utedo/vedskjul, proviantlager og hunderom/sikringsrom. Det er særlig vektlagt at en dispensasjon medfører at Storeselet blir istandsatt, noe som er særlig positivt av omsyn til verneformålet.

## **Konklusjon**

Etter en samlet vurdering mener forvalter at det kan gis dispensasjon til tiltaket på visse vilkår, jf. verneforskriften § 4 første alternativ, jf. naturmangfoldloven § 48 første ledd, første alternativ. Det er lagt særlig vekt på at oppføring av Nye fjøsen på de gamle fjøsmurene ikke vil påvirke verneformålet og verneverdiene nevneverdig.

# Saksframlegg

Arkivsaksnummer: 2021/8601-5

Saksbehandlar: Eldrid Nedrelo

Dato: 04.03.2022

Utval	Utvalssak	Møtedato
Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen	16/2022	14.03.2022

## Utladalen landskapsvernområde - Dispensasjon - Transport av ved med snøskuter og material med helikopter - Vidar Hjelle

### Innstilling frå forvaltar

Med heimel i vreneforskrifta for Utladalen landskapsvernområde § 3 pkt. 6.3. f) og g) får Vidar Hjelle løyve til transport av varer og material til stølane i Hjelledalen i Utladalen landskapsvernområde.

Løyvet er gjeve på følgjande vilkår:

- Løyvet for motorferdsel gjeld perioden 2022-2026.
- Inntil 4 dagar med transport av ved rundt Fremre Hjelledalen kvart år
- 1 tur/retur til Fv. 53 Tyin-Årdal for vedlikehald av snøskuter langs kortaste sikre
- Inntil 2 hiv med helikopter til kvar av stølane i Hjelledalen for transport av varer og material i løyveperioden. (Større restaureringsarbeid på bygningsmassen krev som regel eige løyve og då vert det samtidig gjeve løyve til transport knytt til dette.)
- Helikoptertransport i juli månad må skje med innflyging frå sør, frå Øygarden via Kyrfoss og til Heimre Hjelledalen/Fremre Hjelledalen. Retur same veg.
- Løyve for bruk av helikopter gjeld perioden frå juli til og med januar.
- Bruk av snøskuter bør skje utanom søndagar og heilagdagar.
- Løyvet gjeld for snøskuter med reg. nr. XX9795 og for månadane februar, mars og april.
- Snøskuteren skal lagrast inne i løa på Fremre Hjelledalen.
- Omfanget av skuterbruk er avgrensa til nærområdet til Hjelledalen og i skogsområde.
- Løyve for bruk av helikopter gjeld ikkje søndagar og heilagdagar.
- Motorferdsel skal varslast til naturoppsyn Rigmor Solem på førehand per telefon/SMS/e-post (mobil 959 65 158).
- Det skal kvart år sendast skriftleg rapport til nasjonalparkforvaltar om gjennomført motorferdsel innan 1.november.

Løyvet gjeld berre i medhald av verneforskrifta og søkjar må hente inn eventuelt løyve etter motorferdselslova frå Årdal kommune.--- slutt på innstilling ---

## Dokument i saka

- E-post av 16.02.22 frå Vidar Hjelle
- Søknad datert 18.08.21 frå Vidar Hjelle

## Saksopplysningar

### Søknaden:

Vidar Hjelle søkte i 2021 om fleirårig løyve for bruk av snøscooter og helikopter knytt til ved- og materialtransport til Hjelledalen:

«Søker med dette om løyve til å nytta snøscooter og helikopter i åra 2022,2023,2024,2025 og 2026 (5 år).

**Søknaden blir sendt elektronisk til Årdal kommune v/Postmottak og til Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen v/Nasjonalparkforvaltar Kari Sveen.**

Viser til min «Dispensasjon – Utladalen landskapsvernområde – Transport av ved med skuter og material med helikopter» for 2016-2021 (5 år). Dette løyve går ut i år, men ynskjer å fornya det med 5 år.

Snøscooter vert nytta i samband med transport av ved frå skogen rundt stølen og ned til stølshusa på fremre Hjelledalen. Det er perioden februar-april som er mest aktuell.

Snøscooteren er stasjonert på Fremre Hjelledalen, registreringsnummer XX9795.

Ber også om løyve til å køyra tur-retur Hjelledalen – Tynosen (Rv53) ein gong i løpet av denne perioden. Dette for å kunna ta service på snøscooteren.

Løyve til å nytta helikopter er i samband med frakt av materialar til Fremre og Heimre Hjelledalen for restaurering og vedlikehald av stølshusa. Behovet er inntil 2 hiv årleg til kvar av stølane.

Ser fram til eit positivt svar.»

### E-post frå Vidar Hjelle, datert 16.02.22:

Hei!

Takkar for rask respons på søknaden.

Ser fyrst no at det er satt nokre vilkår som avgrensar tidsrommet for gjennomføring av helikoptertransporten til august-september.

Dette er ikkje hensiktsmessig for oss.

Ber om at dette blir endra og at ein ikkje spesifiserer når på året.

Grunnar dette med følgjande:

- Det er sommarmånadane som er aktuelle for å utføra vedlikehald på stølane. Ikkje hensiktsmessig å lagre materiell over vinteren for neste års vedlikehalds-arbeid.
- Det er anna helikoptertransport («turlagshytter»/aktivitet til bla Avdalen/Vettismorki/Skogadalsbøen + Hydro Energi sin aktivitet) i området som blir utført også våren/sommar månader. Urimeleg at våre få tilfeller i Hjelledalen då blir spesifisert til august september.
- Me veit omtrentleg kvarhen rovfuglane held til under hekking.

Kan dermed spesifisera helikopter-ruta i dei få tilfella av flyging i Hjelledalen til å gå i god avstand frå hekkeplassane.

## Rapportering

Ved tidlegare løyve for perioden 2017-2021 var det sett vilkår om at det kvart år skulle sendast skriftleg rapport til nasjonalparkforvaltar om gjennomført motorferdsel. Forvaltar har motteke rapport om bruk av snøskuter i området Fremre Hjelledalen for åra 2017, 2018, 2019 og 2020. Det er rapportert om bruk av helikopter i 2021, men dei andre åra i løyveperioden. Søkjar opplyser på telefon til forvaltar den 4. mars om at behovet er avhengig av arbeid som må gjerast på stølsbygningane, både utvendig og innvendig.

## Ny vurdering i saka

Nasjonalparkstyret har i møte 11. mai 2016 delegert til nasjonalparkforvaltar å gjera vedtak m.a. i kurante saker etter dei spesifiserte dispensasjonsreglane og i saker etter naturmangfaldlova § 48 med etablert forvaltningspraksis. Forvaltar vurderte fyrst denne saka til å vere av kurant karakter etter dei spesifiserte dispensasjonsreglane, og i tråd med etablert praksis for motorisert ferdsel.


Det var opplyst om klagefrist på det delegerte vedtaket, men Hjelte klaga ikkje innan klagefristen på 3 veker. I følgje e-post av 16.02.22 har han ikkje lagt merke til innhaldet i vilkåra før no. Forvaltar meiner det er grunnlag for å sjå på saka på nytt sidan vedtaket ror på ei skjønsvurdering, og at saka difor bør leggest fram for nasjonalparkstyret.

## Bakgrunn for søknaden

Søknaden gjeld framhald av tidlegare løyve frå perioden 2017-2021. Søknaden gjeld frakt av ved til stølane i Hjelledalen med snøskuter og inntil to hiv med helikopter for transport av material til restaurering og vedlikehald av bygningane. Søknaden gjeld også ein tur med snøskuter frå Hjelledalen til Tynosen i løpet av perioden for vedlikehald av snøskuteren.

Kartet nedanfor viser stølane Fremre og Heimre Hjelledalen innanfor Utladalen landskapsvernområde.

Snøscooteren er stasjonert på Fremre Hjelledalen. Utanom transport til Tyin/Årdal for vedlikehald av snøskuteren, så føregår snøskutertransporten i Hjelledalen.



Kartet viser kvar stølane Fremre- og Heimre Hjelledalen ligg innanfor Utladalen landskapsvernområde.

## Heimelsgrunnlag

### Delegering

Nasjonalparkstyret har delegert forvaltningsmyndigheit for Utladalen landskapsvernområde i medhald av vedtekter revidert pr. 01.01.2020.

## Verneformål – forskrift

Formålet med Utladalen landskapsvernområde er «- - å ta vare på eit vilt og vakkert vestlandslandskap med økologisk verdi, kulturell verdi og opplevingsverdi og som er identitetsskapande, i tilknytning til Jotunheimen nasjonalpark.

Vidare er formålet med vernet å ta vare på:

- eit naturområde med eit rikt dyre- og planteliv som pregar dette.
- eit eigenarta, ope og vakkert natur- og kulturlandskap med høgfjell, brear og geologiske avsetningar, der kulturlandskapet med beitebruk, gards- og stølsbygningar og kulturminne utgjer ein vesentleg del av landskapet sin eigenart.
- - - -

Ålmenta skal ha høve til uforstyrra naturoppleving gjennom utøving av naturvenleg og enkelt friluftsliv med liten grad av teknisk tilrettelegging.»

Etter verneforskrifta for Utladalen landskapsvernområde, er motorferdsel på land og i vatn, medrekna start og landing med luftfartøy, og lågtflyging under 300 m over bakken forbode (verneforskrifta § 3 pkt. 6.1), med unntak gjeve i pkt.

6.2 og 6.3. Med heimel i verneforskrifta § 3 pkt.:

- 6.3 f) kan forvaltningsstyresmakta gi løyve til transport av varer, brensel, proviant og utstyr inn til turisthytter, hytter og setrer
- 6.3 g) kan forvaltningsstyresmakta gi løyve til transport av materialar til vedlikehald og byggearbeid på bygningar, anlegg og innretningar.

## Forvaltningsplan (Utkast 2008)

Av forvaltningsplanen kap. 8.15.5 er m.a. følgjande presisert:

*Med bakgrunn i verneforskriftene bør utgangspunktet for motorferdsel vere ein streng dispensasjonspraksis. Følgjande vilkår vil bli lagt til grunn for motorisert ferdsel:*

...

*d) transportbehova skal samordnast.*

*e) permanente transportbehov i samband med drifta av turisthyttene, vinterstikking av skiløyper (tiltak som legg høva til rette for ålmenta) og til landbruksformål vil framleis kunne bli gjeve for fleire år. Dette føreset ei god samordning, informasjon og attendemelding. Av omsyn til andre brukarinteresser har dei som får slike løyve eit stort ansvar.*

*f) for private hytter i verneområda vil det bli følgt ein restriktiv dispensasjonspraksis. Transport av materialar til vedlikehald av hytter vil normalt bli gjeve.*


*i) landing med og transport av personar i verneområda er forbode. Slike løyve vil normalt heller ikkje bli gjeve. Det same gjeld transport av mat, proviant og utstyr i samband med fjellturar.*

*k) løyve i samband med utøving av jakt og til frakt av jakt- eller fiskeutbyte med fly, helikopter eller snøskuter vil normalt ikkje bli gjeve.*

*l) det vil vere vanskelegare å få løyve til motorisert ferdsel innanfor vernesonene samanlikna med brukssonene.*

*Retningsline: Minst mogleg motorisert ferdsel i nasjonalparken og landskapsvernområdet.*

Omsøkt bruk av snøskuter og helikopter vil føregå innanfor brukssjone teig 11.



Utdrag av forvaltningsplanutkastet, omtale kap. 6.3.2. Brukssone:

«Det er store naturkvalitetar i områda med brukssone. Det er eit mål å ta vare på desse samstundes som områda vert brukt, ikkje minst for friluftsliv. Retningslinjer og tiltak tek sikte på å finne den optimale balansen mellom bruk og vern.»

I brukssjonene er det altså opna for ein viss aktivitet så lenge ein tek omsyn til sårbare artar og andre verneverdiar

## Naturmangfaldlova

Alle tiltak skal vurderast etter naturmangfaldlova (nml) §§ 8-12 (kunnskapsgrunnlag, føre-var-prinsippet, samla belastning på økosystemet, kostnader ved miljøforringing berast av tiltakshavar, og miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetodar), jf. § 7.

## Presedens

Det er etablert praksis å gje løyve til transport av materialar og ved til stølane Heimre- og Fremre Hjelledalen. Det vil ikkje oppstå mange tilsvarande saker, då det er eit avgrensa tal private hytter innanfor nasjonalparken og landskapsvernområdet, men ein er kjend med at det har gått snøskred i Hjelledalen 2021 så det vil truleg vera behov for materialtransport knytt til minst ein bygning til inneverande år, i eit særskilt tilfelle.

## Vurdering

I Hjelledalen er det to stølar, Heimre Hjelledalen og Fremre Hjelledalen. Dei fleste bygningane er restaurert og godt vedlikehalde av grunn- og stølshuseigarane. Området vert brukt gjennom heile året. Frå Utladalen er det veldig bratt opp første del av stigninga til Heimre Hjelledalen. Her er det etablert ei taubane. Hjelledalen ligg over garden Hjelle og er ein sidedal til Utladalen.

Forvaltningsplanen presiserer at motorferdsel ikkje er ynskjeleg i verneområda, men noko er naudsynt. Aktivitet på stølane er med på å ta vare på bygningane og kulturlandskapet generelt, og såleis også delar av verneformålet i Utladalen landskapsvernområde. Den gamle løa på Fremre Hjelledalen vert brukt som skjul for skuteren og ordninga med intern transport i Hjelledalen har vorte innarbeida over fleire år. Helikoptertransport er ofte ein effektiv måte å transportere varer og materialar på i bratte vestlandslirer. I den siste perioden, 2017-2021, har Hjelle hatt løyve til 1 hiv til kvar av stølane kvart år. Det vert søkt om inntil 2 hiv per år for frakt av material. Noko vedlikehald må ein rekne med på mange bygningar i fjellet, men større restaureringsarbeid på bygningsmassen krev som regel eige løyve og då vert det samtidig gjeve løyve til transport knytt til dette. I løyveperioden frå 2017-2021 er det rapportert om bruk av helikopter i 2021, men ikkje dei fire andre åra. Med bakgrunn i tidlegare rapportering, bruk av helikopter kombinert med taubane opp den brattaste delen

av vegen og intern vedtransport med snøskuter, bør inntil 2 hiv med helikopter til kvar av stølane i løyveperioden dekke transportbehovet.

Tiltaket må vurderast etter verneforskrifta for Utladalen landskapsvernområde. Ein må først ta stilling til om vilkåra er oppfylt. Vilkåra føreset at tiltaket ikkje er i strid med formålet med vernevedtaket og at det ikkje påverkar verneverdiane nemneverdig.

Naturverdiane i området er godt dokumentert både gjennom forvaltningsplan, skjøtselsplan og etter mange års forvaltningspraksis (nml § 8). Det vart gjennomført sårbarheitskartlegging for fugl i Vest-Jotunheimen i 2018. Kartlegginga er gjort særleg med fokus på rovfugl. Det er ikkje registrert andre trua eller sårbare artar i området som kan vere påverka av motorferdsla.

Motorisert ferdsel frå helikopter og snøskuter vil kunne forstyrre fugl og vilt. Mengda av motorferdsel skal vere så liten som mogleg i verneområdet. Det er derfor viktig at vedtransporten med snøskuter vert planlagt og koordinert slik at han vert gjennomført så effektivt som mogleg. Forvaltar tilrår å halde på 4 dagar med transport i året slik som tidlegare løyve. Bruk av snøskuter føregår utanom det mest sårbare området. Med gjevne vilkår for løyvet er det vurdert at bruk av snøskuter for vedtransport ikkje kjem i strid med verneformålet eller verneverdiane.

Bruk av helikopter kan vere særleg uheldig i hekke- og ynglesesongen i dette området. Kunnskap frå sårbarheitskartlegginga gjorde at forvaltar i det delegerede vedtaket av august 2021 sette vilkår om at ein skulle unngå helikopterflyging i hekketida, slik at løyvet gjalt i perioden frå august til september kvart år (då med eit behov på inntil to turar årleg opplyst i søknaden). Denne vurderinga ror på ei skjønsmessig vurdering og forvaltar meiner difor det er grunnlag for å sjå på saka på nytt. Det er dokumentert at gjentakande hendingar forstyrrar hekkande rovfugl, hekkinga kan bli avbroten slik at fuglen forlet reiret. Fleire helikopterturar i området i hekkeperioden vil difor vere uheldig. For rovfugl kan også forstyrring ved hekkeklassen i etableringsfasen (februar-april) føre til at hekking uteblir (jf. Høitomt og Opheim 2015. Rapport nr. 3. Jotunheimen nasjonalpark. Sårbarheitsvurdering for fugl). Høitomt og Opheim viser til retningsliner for forvaltning av hekkeplassar i Norges Skogeigarforbund sitt tabelloppsett knytt til skogsdrift. Her definerer ein ein minsteavstand for aktivitet i hekketida. For m.a. kongeørn er det sett ein minsteavstand på 400 m i perioden 1. januar – 31. juli, og dette er ansett som ei absolutt minimumsgrense. Med bakgrunn i dette og av omsyn til likebehandling vart perioden for bruk av helikopter justert til at det kunne flygast med helikopter i perioden august – januar i nemnde løyve.

Skjønnsvurderinga i denne saka ror på om ein kunne utvida perioden for bruk av helikopter noko, t.d. til juli månad. (Søklar opplyser om at det er sommarmånadane som er aktuelle for å utføra vedlikehald på stølane og at det ikkje hensiktsmessig å lagre materiell over vinteren for neste års vedlikehaldsarbeid.) Omsøkt behov er 1-2 turar årleg gjennom det sårbare området, dvs. maks 2 turar/returar.

Føresett gjevne vilkår for eit løyve, vil avgrensa bruk av snøskuter og helikopter ha liten effekt på natur- og kulturlandskapet.

Økosystemtilnærming og samla belastning på verneområdet skal vurderast jf. nml. § 10. Det er kjent at eit stølshus er skadd på grunn av snøras i Hjelledalen sist vinter. Det er difor sannsynleg at også andre stølshushavarar kan ha behov for bruk av helikopter til transport av materialar i det same området, frå Hjellev og inn Hjelledalen. Dette kan medføra auka tal turar til/frå området. Fleire helikopterturar i området i hekketida vil kunne vere uheldig, og det bør difor ikkje opnast for bruk av helikopter i området med start frå Hjellev til Hjelledalen tidlegare enn ein tilrår i sårbarheitsvurderinga, frå august. Forvaltar meiner likevel at med innflyging frå sør, frå Øygarden – Kyrfoss – Heimre Hjelledalen, vil ein kunne opne for helikoptertransport frå juni utan at det kjem i strid med verneformålet og verneverdiane. Med vilkår om å avgrense tal helikopterturar til inntil to turar i løyveperioden (ikkje årleg som tidlegare), samordna transport med andre som har transportbehov i same området, og til



perioden juli-januar, meiner forvaltar at bruken av helikopter ikkje vil vere til skade for verneformål eller verneverdiar.

Sekretariatet meiner ordninga med intern transport med snøskuter i Hjelledalen er fornuftig og løyve vert i hovudsak vidareført. Motorferdsel i verneområde skal haldast på eit minimum. Det er difor viktig at transporten vert planlagt og koordinert slik at han vert gjennomført så effektivt som mogleg og samordna med anna flyging i området. Ved å planlegge slik at mest mogleg vert gjennomført på kvar transportdag/hiv vert den samla belastninga av motorferdsel i området vurdert som akseptabel og transportmetodane fornuftige (§§ 10 og 12 i nml.) Særskilde transportbehov knytt til restaureringsprosjekt vil bli behandla ved behov. §11 i nml. er ikkje relevant for denne saka.

### **Konklusjon**

Med dei vilkåra som vert sett, vurderer forvaltar at løyvet ikkje vil påverkar verneverdiane nemneverdig og at det ikkje er i strid med verneformålet.

Med bakgrunn i vurderingane etter naturmangfaldlova §§ 8-12 og verneforskriftene vurderer forvaltar det kan gjevast dispensasjon for transport av ved med snøskuter og materialar med helikopter med gjevne vilkår.

**ST 17/2022 Eventuelt**